

Masteroppgåve

# Frå landevegen til himmelstigen

Ein metaforteoretisk analyse av framstillingane av ungane i Misjonens månadsblad *Fra landeveien*.

Idunn Victoria Rostøl

Masteroppgåve i Europeisk kultur

30 studiepoeng

Rettleia av Line Cecilie Engh, fyrsteamanuensis i idéhistorie

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

Humanistisk fakultet

Hausten 2022



## Forord

Eg vil fyrst og fremst takka rettleiaren min Line Cecilie Engh. Line har vore ein fantastisk rettleiar i masterarbeidet, som med grundige tilbakemeldingar og oppmuntrande ord stadig dytta oppgåva i nye og spennande retningar. Takk òg til Thor Inge Rørvik, som har lese gjennom forskjellige utkast og kome med verdifulle kommentarar. Eg vil dessutan takka Christine Amadou, som var rettleiaren min på bacheloroppgåva mi om boka *Paa fantestien* av Johan Skou. Fleire av diskusjonane me hadde då har eg tatt med meg vidare i skrivinga av denne oppgåva.

Takk òg til forskargruppa Barn og ungdom i idéhistorisk perspektiv for tildeling av masterstipend.

Til sist vil eg takka spesielt Amalie og Torstein. Amalie blei eg kjent med på masterprogrammet, og desse Blindern-åra hadde vore fattigare utan dei lange pausane i sola og dei kakaotunge timane med lesing i kolonihagehytta. Torstein og eg har løyst mang ein masterkrøll på vent i lyskryss på dei daglege sykkelturane våre til Blindern. Han har dessutan kjøpt mykje kaffelatte til meg og lese gjennom utkasta med tolmod. Takk!

Idunn Victoria Rostøl,

14. november 2022.

## Samandrag

*Fra landeveien* var eit månadsblad som blei gitt ut av Norsk misjon blant hjemløse frå 1898 til 1988. Organisasjonen blei stifta av Jakob Walnum i 1897 med mål om å skapa “omstreifarar” om til fastbuande, og i åra 1907 til 1986 var dei i praksis einerådande når det kom til utføringa av assimileringspolitiske tiltak retta mot gruppa i Noreg. Tiltaka dreidde seg spesielt om to område: omsorgsovertaking av ungar og tvungen busetting. Fleire ungar blei tatt frå foreldra og omsorgsansvaret for dei blei overført til Misjonen, som plasserte dei i barne- eller pleieheimar. Denne oppgåva handlar om korleis ungane blei framstilte i *Fra landeveien*, der materialet er eit utval artiklar frå årgangane 1898 til 1915. Formålet med å undersøka desse framstillingane er å nå ein djupare innsikt i førestillingsverda til Misjonen, der ungane spelte ei sentral rolle.

Spørsmåla eg er opptatt av er fleire, men dei botnar alle i det grunnleggande og tilsvynelatande enkle spørsmålet: Korfor var Misjonen så oppatte av desse ungane? For å granska dette spørsmålet nærmere har eg undersøkt dei ulike metaforane som blir nytta i bladet for å skildra og forstå ungane, gjennom å analysera dei ved hjelp av metaforteoretiske omgrep og samtidig knyta dei til den historiske konteksten dei oppstod i.

Noko som har interessert meg spesielt i lesinga av desse metaforane er korleis dei forheld seg til spørsmål om arv og miljø når det kjem til ungane. Misjonen hadde frå byrjinga av som premiss at ungane kunne omskapast gjennom forandra omgivnadar og moralsk påverknad, men etter kvart blei trua på omskapinga kryssa av genetiske førestillingar. I løpet av 1920- og 30-talet blei biologiske raseperspektiv stadig meir dominerande i norsk samfunnsliv, òg i Misjonen. Diskusjonane om arv og miljø dukka likevel ikkje først opp i Misjonen i 1920-åra, men var til stades allereie frå byrjinga i 1897 og føregjekk kontinuerleg. I oppgåva viser eg korleis fleire ulike, og til tider motstridande, forståingar av ungane og deira foranderlegheit kjem fram gjennom metaforbruken i *Fra landeveien*, og eg set dei forskjellige metaforane i samanheng med dei ulike kunnskapstradisjonane dei sprang ut av.

Åra eg skriv som, som er tidsrommet 1898–1915, er ei spennande, men lite omtalt, tid i Misjonens historie, og *Fra landeveien* har dessutan ikkje tidlegare vore gjenstand for forsking i seg sjølv. Analyse av Misjonens skildringar av ungane har heller ikkje vore hovudsaka for føregåande arbeid om Misjonen. Oppgåva mi gir eit nytt blikk på korleis ungane og Misjonen blei skildra av Misjonen i dei fyrste åra, og ho opnar dessutan opp diskusjonar om arv og miljø i Misjonens fyrste år som ikkje har blitt skildra før.

# Innhaldsliste

<b>1. Innleiing</b>	<b>1</b>
Tematikk og problemstilling	1
Omgrepsavklaring	2
Forskningsfelt	3
Teori og metode	6
Struktur	11
Historisk kontekst: Om Misjonen	12
Materialet: Om <i>Fra landeveien</i>	13
<b>2. Ungane: “Og vi fryder os ved at se det nye, spirende liv”</b>	<b>17</b>
Ungane som formbare vekstar	18
Omskapning gjennom å slå rot	22
“The policing of families” og barneredningens epoke	25
<b>3. Arv og miljø: “Der kan komme en uveirsdag”</b>	<b>29</b>
Arvelege tilbøyeligheter	30
Vandrelyst i blodet og “den evige jøde”	32
Omstridd skjebnetru	37
<b>4. Omvending: “Hans sol lyse over dem alle”</b>	<b>41</b>
Omskapning gjennom frelse	41
Kristusbarn	45
Den etterlengta sommaren	47
<b>5. Konklusjon: Om Misjonens førestillingsverd</b>	<b>51</b>
<b>Litteraturliste</b>	<b>55</b>
<b>Illustrasjoner</b>	<b>61</b>

# 1. Innleiing

## Tematikk og problemstilling

*Fra landeveien* var eit månadsblad som blei gitt ut av Norsk misjon blant hjemløse (frå nå: Misjonen<sup>1</sup>) frå 1898 til 1988. Misjonen blei stifta av Jakob Walnum i 1897 med mål om å skapa “omstreifarar” om til fastbuande, og i åra 1907 til 1986 var dei i praksis einerådande når det kom til utføringa av assimileringspolitiske tiltak retta mot gruppa i Noreg. Tiltaka dreidde seg spesielt om to område: omsorgsovertaking av ungar og tvungen busetting. Fleire ungar blei tatt frå foreldra og omsorgsansvaret overført til Misjonen, noko som i løpet av to generasjonar frå 1900 skjedde med nesten ein tredjedel av ungane fødde i romanifamiliar.<sup>2</sup> I *Fra landeveien* formidla Misjonen arbeidet sitt, og i denne oppgåva skal eg analysera korleis dei framstilte ungane dei arbeida med i bladet.

Formålet med å undersøka desse framstillingane er å nå ein djupare innsikt i førestillingsverda til Misjonen, der ungane spelte ei sentral rolle. Noko som slår ein når ein les *Fra landeveien* er bilderikdommen i skildringane av ungane, både i form av metaforar og foto. Eg vil undersøka nærmere desse representasjonane, der materialet vil vera eit uval artiklar av *Fra landeveien* frå årgangane 1898 til 1915. Spørsmåla eg er interessert i er fleire, men dei botnar alle i det grunnleggande og tilsynelatande enkle spørsmålet: Korfor var Misjonen så opptatte av desse ungane? For å undersøka dette spørsmålet vil eg analysera dei ulike metaforane som blir nytta i bladet for å skildra og forstå ungane, gjennom å nøsta opp i desse metaforane og knyta dei til den historiske konteksten dei sprang ut frå.

I tidlegare forsking knytt til Misjonen har ein arbeida lite med tidsrommet eg studerer, og *Fra landeveien* har ikkje tidlegare vore gjenstand for forsking i seg sjølv. Analyse av Misjonens skildringar av ungane har heller ikkje vore hovudsaka for tidlegare arbeid. Dette ynsker eg at denne oppgåva kan forandra på. Åra eg skriv om er den formande tida i organisasjonen, der dei fyrst formulerte måla for arbeidet og la grunnlaget for seinare verksemrd. Språket er ein viktig inngang for å forstå korleis ein verker i verda, og gjennom å undersøka Misjonens eigne skildringar av ungane opnar ein for nye måtar å skriva om korleis

---

<sup>1</sup> Då Misjonen blei stifta var namnet Foreningen til Modarbeidelse af Omstreifervæsenet, men det blei endra i 1922 til Den norske omstreifermisjon og igjen i 1935 til Norsk misjon blant hjemløse, som var namnet dei hadde til 1986. Då blei Misjonen gjort om til ei stifting og fekk igjen nytt namn, Kirkens Sosialtjeneste. I perioden oppgåva handlar om (1898-1915) var namnet Foreningen til Modarbeidelse af Omstreifervæsenet, men eg vel å omtala dei som Misjonen i oppgåva, då dette er namnet som blir brukt både allment og i forskingslitteraturen.

<sup>2</sup> NOU 2015: 7 *Assimilering og motstand: Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 5.

dei fungerte. I *Fra landeveien* skildra tilsette og støttespelarar kontinuerleg korfor arbeidet til Misjonen med ungane var nødvendig og korleis ein skulle gjera det, og om ein analyserar desse skildringane vil ein få ein ny og annleis innfallsvinkel for å forstå både korleis Misjonen forstod ungane og seg sjølv i relasjon til dei.

## Omgrepsavklaring

I *Fra landeveien* omtaler Misjonen menneska dei arbeida med under fleire forskjellige namn. Berre i det fyrste nummeret dukkar fylgjande omgrep opp: “geseller”, “hjemløse landstrygere”, “vagabonderende”, “hjemløse folk”, “fanter”, “omstreiferfolket” og “omstreifere”.<sup>3</sup> Eit anna omgrep som blir brukt i bladet er “tater”, sjølv om det blir skildra som eit skjellsord og ein derfor som regel nytta “omstreifarar”.<sup>4</sup> I oppgåva har eg vore i tvil om kva for eit omgrep eg skal bruka.

Gruppa som blei omtalt som “omstreifarar” av Misjonen, myndighetene og majoritetsbefolkinga i perioden eg arbeider med har i dag den offisielle administrative nemninga taterar/romanifolk. Der alle ovannemnde omgrep som blei nytta av Misjonen er ulike eksonym for gruppa som speglar samtidige fordommar, er taterar/romanifolk endonym som speglar moderne prinsipp om sjølvdefinisjon. Ein kan likevel ikkje nødvendigvis setta likskapsteikn mellom nemninga “omstreifarar” som ho blei brukt i tida eg studerer og gruppa taterar/romanifolk i dag. Den moderne nemninga speglar forståinga i Noreg i dag av taterar/romanifolk som ein nasjonal minoritet og ei etnisk gruppe. Desse ideane var ikkje rådande i tida eg skriv om, og eg fryktar at å bruka den moderne nemninga i møte med materialet kan fungera anakronistisk gjennom å tillegga materialet nyare tids tankegods om etnisitet og gruppertilhørsle. Dessutan kan det vera ein uriktig merkelapp, då nemninga “omstreifar” omfatta fleire grupper enn taterar/romanifolk. På den andre sida er det heller ikkje uproblematisk å bruka eit eksonym som “omstreifar”, då ein gjennom ordbruken viser tilbake til og bruker eit uttrykk for majoritetsbefolkingas fordommar.<sup>5</sup>

Eg har likevel landa på å nytta omgrepet “omstreifarar” i hermeteikn i oppgåva, inspirert av Madeleine Stenhammer. Ho grunngir valet gjennom å visa til at målet hennar er å skildra ein politikk og ein praksis som blei forma av dei historiske fordommane som omstreifaromgrepet botnar i, og då er ei kjeldenær tilnærming der ein bruker same omgrep

<sup>3</sup> Anon., “Hjemløs” *Fra landeveien* 1, no. 1 (Januar 1898): 3–4, 3-4.

<sup>4</sup> E. O. “Hvorledes behandler vi dem?” *Paa hjemveien* 15, no. 9–10 (September–oktober 1913): 45–47, 46.

<sup>5</sup> NOU 2015: 7, 18–22 og 40; Stenhammer, Madeleine Zetterlund. “[E]t Redningsarbeide i den kristelige Kjærligheds Tjeneste.’ Svanviken 1908–1986: Fra misjon til miljørbeid?”. I *Transnasjonale perspektiv på sekularitet og religion: Norske aktører, ideer, forhandlinger og praksis 1846–1986*, redigert av Inger Marie Okkenhaug og Karina Hestad Skeie, 179–209. Oslo: Universitetsforlaget, 2022, 182–183.

som materialet illustrererande i seg sjølv; omgropsbruken viser definisjonsmakta Misjonen hadde over korleis “omstreifarane” blei framstilt, forstått og behandla.<sup>6</sup> Dei stadane der eg nytter andre omgrep, som taterar/romanifolket, er når eg skriv om forskingståa i dag eller parafraserer frå sekundær litteratur der ein har spesifikt valt å nyttta desse omgropa.

## Forskningsfelt

Dei siste åra har den tidlegare magre forskningslitteraturen i Noreg når det kjem til temaa taterar/romanifolket og Misjonen blitt utvida med stadig nye bidrag. *Fra landeveien* har tidlegare blitt nyttta som kjelde når ein har skrive om desse temaa. Per Haave har f.eks. brukte fleire artiklar frå 1920- og 30-talet for å spora det ideologiske bakteppet for sterilisering utført av Misjonen.<sup>7</sup> Karen-Sofie Pettersen har gjort det same i si lesing av arkivmateriale frå Misjonen og ulike departement, der artiklar frå månadsbladet frå 1920-talet og seinare utdjarpar hennar lesing av materialet.<sup>8</sup> Marianne Neerland Soleim har òg brukt bladet i forskinga si, då ho bruker eit par artiklar frå 1940-talet som kjelde til Misjonens offisielle perspektiv knytt til barnevern og barneheimar.<sup>9</sup> Kenneth Karlsen har dessutan inkludert nokon utgåver av bladet i eit kapittel av masteroppgåva hans om skildringar av romanifolk i norsk presse.<sup>10</sup> *Fra landeveien* har altså tidlegare blitt lese som eit forklarande supplement til anna materiale eller analysert som del av eit større korpus pressetekstar, men har ikkje vore gjenstand for forsking i seg sjølv. Det vil eg med denne masteroppgåva gjera noko med. Bladet gir ein interessant inngang til idéverda Misjonen verka i, og eg trur at gjennom å studera denne delen av Misjonens verksemld vil ein få ein rikare innsikt i kva som dreiv dei og kva dei dreiv med.

Grunnen til at eg har valt å skriva om årgangane frå 1898 til 1915 er fordi dette er ein spesielt spennande og lite omtalt tid i Misjonen. Dette er dei tidlege åra i organisasjonen, der ein først definerer kva for nokon mål ein skal arbeida mot og prøver ut forskjellige metodar for å nå desse. Ein ser til tidlegare og samtidige prosjekt i inn- og utland for inspirasjon i arbeidet, og legg grunnlaget for den vidare organisasjonsdrifta gjennom verkemidla ein landar på. Som fersk organisasjon satt Walnum og støttespelarane med meir eller mindre blanke ark,

---

<sup>6</sup> Stenhammer, “[E]t Redningsarbeide i den kristelige Kjærligheds Tjeneste.”, 182–183.

<sup>7</sup> Haave, Per. “Sterilisering av tatere – kirurgi på ‘rasemessig’ grunnlag?”. I *Romanifolket og det norske samfunnet*. Redigert av Bjørn Hvinden, 32–73. Bergen: Fagbokforlaget, 2000.

<sup>8</sup> Pettersen, Karen-Sofie. “For barnas skyld? Ideologi og praksis i tiltakene rettet mot taternes barn”. I *Romanifolket og det norske samfunnet*. Redigert av Bjørn Hvinden, 74–100. Bergen: Fagbokforlaget, 2000.

<sup>9</sup> Soleim, Marianne Neerland. “Sin egen lykkes smed”: Falstad skolehjem og Ekne spesialskoler 1895–1992. Stamsund: Orkana akademisk, 2021.

<sup>10</sup> Karlsen, Kenneth Airlie. *Romanifolket i norsk presse 1845–1950*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo. 2022.

og i arbeidet med å fylla desse kan ein finna eit meiningsspenn. Desse diskusjonane om kva Misjonen skulle vera og gjera reflekterer dei forskjellige idéstrømmingane i samtida, og gjennom å dykka ned i desse kan ein kasta lys over korleis Misjonen blei til og verka i dei fyrste åra.

Nokon av desse ordskifta gjekk ut på store spørsmål knytte til forholdet mellom arv og miljø blant “omstreifarane”. Misjonen hadde frå byrjinga av som premiss at dei kunne omskapast gjennom forandra omgivnadar og moralsk påverknad, men etter kvart blei trua på omskapinga kryssa av genetiske førestillingar.<sup>11</sup> I løpet av 1920- og 30-talet blei biologiske raseperspektiv stadig meir dominerande i norsk samfunnsliv, òg i Misjonen.<sup>12</sup> Tiltak som å sterilisera “omstreifarane” hadde ein vore negative til, men etter fleire diskusjonar mot slutten av 1920-åra gjekk Misjonen inn for å gjera sterilisering til ein del av samfunnsoppdraget sitt. Dette var eit klart brot med tidlegare haldningar, der ein ikkje hadde sett på sterilisering som kompatibelt med kristent sosialt arbeid.<sup>13</sup> Diskusjonane om arv og miljø dukka likevel ikkje først opp i Misjonen i 1920-åra, men var til stades allereie frå byrjinga i 1897 og føregjekk kontinuerleg. Ein ytterlegare motivasjon for å undersøka tidsrommet 1898–1915 er å sjå nærare på korleis desse diskusjonane utarta seg før rasehygienen vann fram. Før raseteoriane blei meir cementerte i organisasjonen, har eg i masteroppgåva avdekkat at det var eit meir mangfaldig og flytande syn på spørsmål om arv og miljø. Ein kan såleis kalla denne perioden i Misjonen for ein meir open eller polyvokal periode når det kjem til desse spørsmåla.

I denne oppgåva skal fokuset vera på korleis ein skildrar ungar i *Fra landeveien*, med andre ord representasjonar av ungane. Dette grepet er gjort grunna den sentrale rolla dei spelte i verdsbildet og arbeidet til Misjonen, der store delar av innhaldet i *Fra landeveien* fylgjeleg dreier seg om dei. Gjennom å studera kva for nokon roller ungane blei tildelte av tilsette i Misjonen og forskjellige støttespelarar, vil ein dessutan samtidig kunna undersøka korleis desse vaksne såg seg sjølv i relasjon til ungane; gjennom å kikka nærare på kva for nokon identitetar som blir skapte for ungane i verdsbildet i *Fra landeveien*, vil ein altså på same tid forstå betre dei rollene dei tilsette, støttespelarane og til sjuande og sist lesaren av tidsskriftet fyller. Å gå inn i materialet med ungane som fokus vil med andre ord ikkje utelukkande leia

---

<sup>11</sup> Kjeldstadli, Knut. “Kan fremmede egentlig bli nordmenn?”. I *I nasjonalstatens tid, 1814–1940*, bind 2 av *Norsk innvandringshistorie*. Redigert av Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli, 432–460. Oslo: Pax forlag, 2003, 452.

<sup>12</sup> Brustad, Jan A. S., Lars Lien, Maria Rosvoll og Carl Emil Vogt. *Et uønsket folk: Utviklingen av en “sigøynerpolitikk” og utryddelsen av norske rom 1915–1956*. Oslo: Cappelen Damm, 2017, 21–22.

<sup>13</sup> NOU 2015: 7, 63–64.

til ei betre forståing av plassen deira i *Fra landeveien*-universet, men òg opna opp for å sjå andre aktørar frå ein ny vinkel.

Fleire har arbeida med Misjonen med utgangspunkt i ungane. Pettersen har skrive fleire arbeid om ungar og foreldre i møte med Misjonen og verjerådet, og ho bruker perspektiv frå m. a. barndomshistorie i forskinga si.<sup>14</sup> Andre som har arbeida med tema er Anne Berit Sandvik, som i rapporten *Kampen om barna* intervjuar fleire om erfaringane deira frå barneheimane.<sup>15</sup> Det gjorde òg Bernt Eide og Ellen Aanesen i dokumentasjonsprosjektet *Nasjonens barn*.<sup>16</sup> Vidare har Jens Lasse Agerups masteroppgåve *Redder du barnet, redder du slekten* eit spesielt fokus på Misjonens arbeid med ungane.<sup>17</sup> Ingen av desse forskarane har analyse av Misjonens framstillingar av ungane som hovudfokus for arbeida sine, og dette grepet er noko som vil skilja oppgåva mi frå tidlegare forsking på tema.

Noko anna som vil skilja denne oppgåva frå arbeid som har blitt gjort innanfor kryssfeltet barndoms- og minoritetshistorie om Misjonen, er tidsrommet eg skriv om. Generelt i forskinga på Misjonen er det perioden frå mellomkrigstida og framover ein har skrive mest om, mens dei første åra har fått mindre merksemd. Dette har nok samanheng med at forskinga knytt til Misjonen kom skikkeleg i gong først ut på 80-talet, og at eit hovudfokus har vore å i samtida samla historier frå institusjonane og avdekka overgrepene som skjedde der.<sup>18</sup> Av tidlegare forskingsarbeid som har dreia seg spesifikt om ungar, har ein først behandla kjeldemateriale frå 1914 og seinare.<sup>19</sup> Tidsperioden som oppgåva handlar om har ein altså sett mindre på, noko som er ein ytterlegare motivasjon for å fordjupa seg i nettopp Misjonens første år.

Det siste poenget eg vil trekka fram her er dei teoretiske perspektiva eg arbeider ut frå i oppgåva, som òg introduserer noko nytt til den norske forskinga som er knytt til taterar/romanifolk og Misjonen. I oppgåva undersøker eg Misjonen gjennom å kikka på dei

---

<sup>14</sup> Pettersen har tidlegare publisert *En kvalitativ studie av tiltak rettet mot barn av tatere i perioden 1914-1986* (1997), *Forholdet mellom Norsk misjon blant hjemløse og sentrale myndigheter på området barnevern* (1999) og *Tatere og misjonen* (2005), pluss kapittelet "For barnas skyld?" (2000).

<sup>15</sup> Sandvik, Anne-Berit. *Kampen om barna: personer av tatersleks erfaringer fra barne- og skolehjem*. Institutt for kriminologi, Universitetet i Oslo, 1999.

<sup>16</sup> Eide, Bernt og Ellen Aanesen. *Nasjonens barn*. Oslo: Conflux forlag, 2008.

<sup>17</sup> Agerup, Jens Lasse. *Redder du barnet, redder du slekten: teori og praksis i Omstreifermisionens omsorgsarbeid for barn og voksne (1900–1960)*. Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo. 1991.

<sup>18</sup> F.eks. *En landevei mot undergangen* av Bastrup og Sivertsen (1996), *Nasjonens barn* av Eide og Aanesen (2008) og *Kampen om barna* av Sandvik (1999).

<sup>19</sup> Agerups *Redder du barnet, redder du slekten* (1991) handlar i hovudsak om då Ingvald B. Carlsen var generalsekretær (1918-35) og etterkrigstida, og der han ser nærmare på Misjonens kartotek over ungane er det for perioden 1914-1950. Dei første åra av Misjons drift er i liten grad tematisert. Materialen i *Tatere og Misjonen* av Pettersen (2005) er i hovudsak frå 1950- og 60-talet. I *Kampen om barna* intervjuar Sandvik fleire som fortel om opplevingar først frå 1920-talet, og Eide og Aanesens *Nasjonens barn* er om opplevingar frå 1930-talet av.

ulike metaforane som er i bruk for å skildra ungane i *Fra landeveien*, og så vidt eg har lese er det ikkje tidlegare blitt gitt ut noko arbeid som har metaforteoretiske undersøkingar av skriftene deira som hovudtema. Å studera språket til Misjonen er å studera førestillingsverda til organisasjonen, og gjennom å analysera korleis dei skildra arbeidet deira kan me få ein djupare kjennskap til arbeidet og formåla som låg til grunn for det.

## Teori og metode

Som nemnt vil fokuset i denne oppgåva vera *representasjonar* av ungane. Tema vil ikkje vera i kva grad dei stemmer overeins med korleis liva til ungane Misjonen skildra faktisk var. I *Fra landeveien* skriv ein f.eks. fleire stadar om korleis ungane på barneheimane hadde eit nært og kjærleg forhold til dei tilsette, og at relasjonen mellom dei var som mellom foreldre og ungar: "Til mor kommer de med sine sorger og glæder og finder altid et aapent hjerte."<sup>20</sup> Det ville vore *forteljinga* om denne kjærleiken som er interessant innanfor rammene for denne oppgåva, og ikkje om skildringa stemte overeins med kva ungane og dei tilsette følte og gjorde. Målet er å få ein inngang til livsverdene eller rammeverket ungane levde liva sine innanfor,<sup>21</sup> og det gjennom å undersøka verdsbildet til Misjonen og dei tilsette. Spørsmåla ein møter materialet med blir derfor ikkje kor vidt det er "sant", men heller kva for nokon roller som blir skapt for ungane gjennom desse skildringane. Kva for nokon funksjonar fyller dei i verdsbildet til Misjonen?

At eg har valt å vri oppgåva i denne retninga heng saman med nokon sentrale utfordringar i møte med materialet. Som barndomshistorikar Hugh Cunningham skriv: "Ideas about childhood in the past exist in plentitude; it is not easy to find out about the lives of children."<sup>22</sup> Kjeldemateriale frå fortida kan fortelja oss mykje om livet til ungane, men om ein vil skriva om livsopplevelinga til ungane og kjenslelivet deira byr det på store utfordringar. Kjeldematerialet ein har tilgang på er i overveldande grad dominert av forteljingar skrivne av dei vaksne, og i *Fra landeveien* er det utelukkande vaksne skribentar som skriv om ungane. Når ein skriv barndomshistorie hevdar Cunningham at det derfor er lettare og meir presist å skriva sjølvsikkert om barndom og tankar om ungar heller enn om ungar.<sup>23</sup>

Likevel heng idéar om barndom saman med opplevinga av å vera unge. Idéar om barndom formar myndigheitenes linjer i møte med ungar f.eks. når det kjem til lovgiving og

---

<sup>20</sup> Anon., "Paa rundreise" *Fra landeveien* 12, no. 7–8 (Juli–august 1909): 27–31, 29.

<sup>21</sup> Qvortrup, Jens. "Childhood as a Structural Form". I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 21–33. London: Palgrave Macmillan, 2009, 28.

<sup>22</sup> Cunningham, Hugh. *Children and Childhood in Western Society Since 1500*. London: Routledge, 2005, 2.

<sup>23</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 2–3.

skoleverket, og dette formar i sin tur liva til ungane. Cunningham trekk fram oppsedingsbøker som eit eksempel på ein annan stad der ein kan sjå at idéar om barndom og opplevinga av å vera barn treffest. Sjølv om bøkene berre gir uttrykk for idealet når det kjem til oppseding, kan ein likevel rekna med at forandringar i kva ein legg vekt på i sånne bøker kan både vera eit symptom på og ein spegling av forandringar i praksis.<sup>24</sup> På same måte kan ein seia at idéane som dominerte i Misjonen om kva ein god barndom og oppseding var, var med på å forma utviklinga av barneheimane og liva barna levde der. Dei forma kva for nokon typar institusjonar dei valde å grunnlegga, og korleis ein la opp den daglege drifta av dei. Som nemnt ovanfor er det vanskeleg å få ein nøyaktig tilgang til kva ungane og dei tilsette følte for kvarandre og korleis dei levde saman, men ein kan ut frå ideala ein finn i *Fra landeveien* likevel seia noko om nokon praksisar ved institusjonane og om kva for nokon idéar dei tilsette hadde om ungane og ein god barndom. Samtidig kan ein seia noko om kva for ei forståing dei tilsette hadde av sitt eige arbeid og si eiga rolle i møte med ungane.

I denne oppgåva opererer eg med eit strukturelt barndomsomgrep inspirert av Jens Qvortrup, der ein ser barndom som eit skiftande resultat av styrkeforholda mellom forskjellige økonomiske, politiske, sosiale, kulturelle og teknologiske parameter. For å komma nærmare rammeverket til ungane, vil me undersøka dei ideologiske og diskursive parameterane, som her vil seia å kikka på dei forskjellige forståingane av og ideologiane om ungar og barndom som kjem til uttrykk i *Fra landeveien*.<sup>25</sup> Dette vil bli gjort gjennom å identifisera ulike metaforar som blir brukt om ungane, for så å analysera kva for nokon implikasjonar dei fekk for forståinga av ungane og setta dei inn i ein vidare kontekst gjennom å undersøka korleis metaforbruken hang saman med forskjellige idéar i samtida om m.a. barndom, oppseding, medisin, misjon og nasjonalstaten.

Grunnen til at eg har valt å analysera metaforar i oppgåva, er dei mange og spennande inngangane metaforteori kan by på når ein er interessert i å studera idéar. Metaforar er den primære måten menneske gjer vanskelege eller komplekse førestillingar og omgrep forståelege, og det er gjennom metaforar me konstruerer kunnskap om verkelegheita. Dette gjer dei til eit spennande verktøy å ta utgangspunkt i når ein vil undersøka korleis språket vårt skapar og konstruerer kulturelle forståingar om ulike emne, og dei gir oss dessutan moglegheita til å peika ut korleis desse konstruksjonane blir skapt. I ein metafor forstår og

---

<sup>24</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 2-3.

<sup>25</sup> Qvortrup, "Childhood as a Structural Form", 25.

opplev ein eit konseptuelt domene gjennom eit anna, og relasjonen mellom desse to domena kan avdekka utbreidde tankestrukturar i diskursen metaforen opptrer i.<sup>26</sup>

Det er typisk i ein metafor at ein bruker noko handfast og konkret, noko ein har sensomotorisk og kvardagsleg erfaring med, for å forstå det meir utilgjengelege og tvitydige. Eit eksempel er å forstå diskusjon som krig, der kroppsleg kamp blir brukt for å forstå munnlege diskusjonar.<sup>27</sup> Desse to domena i ein konseptuell metafor blir kalla kjelde- og måldomene. Kjededomene blir då ofte det nære (som kroppslege erfaringar) og måldomene det me forsøker å forstå gjennom det nære (som komplekse sosiale relasjonar). Dei systematiske samsvara mellom kjelde- og måldomene blir kalla *mappings*, frå nå meiningsflyttingar.<sup>28</sup> Ein spesiell kvalitet med metaforen er at me ikkje berre ser dei to domena samtidig, eller den eine gjennom den andre; metaforen erstattar ikkje eit erfarringsområde med eit anna, men kombinerer dei to typane oppleving til ein tredje og ny måte å sjå på.<sup>29</sup> Dei konseptuelle metaforane (måtar å tenka på) kjem til overflata gjennom lingvistiske uttrykk (måtar å snakka på),<sup>30</sup> som i kvardagslege seiemåtar knytt til diskusjon som “hen angrep dei svake punkta i argumentet mitt”. Den konseptuelle metaforen “diskusjon er krig” formar korleis me snakkar om diskusjonar, men innanfor metaforteori vil ein dessutan hevda at han påverkar korleis me diskuterer. Metaforar formar altså korleis me forstår forskjellige fenomen, men òg samtidig korleis me handlar i møte med dei. Det interessante innan metaforteori er derfor som oftast ikkje om metaforar er “sanne”, men kva for nokon oppfatningar og slutningar som fylgjer av dei.<sup>31</sup>

Metaforar er i tråd med metaforteori vår måte å vera i verda på og skapa ei verkelegheit, og ulike verkelegheiter blir moglege via forskjellige metaforar. Metaforar er ein måte å validera og gjera visse måtar å forstå eit måldomene konvensjonelle, noko som gjer at den spesielle måten å forstå måldomenet framstår som den openberre og einaste måten å forstå det. Metaforar kan derfor, ifylgje Gail Labovitz, vera nyttige og effektive verktøy for å handheva, reprodusera og naturleggjera kulturell ideologi. Metaforar tenar forskjellige politiske og ideologiske formål, og gjennom å undersøka dei nærare kan metaforane visa fram

---

<sup>26</sup> Labovitz, Gail. *Marriage and metaphor: Constructions of Gender in Rabbinic Literature*. Lanham, MD: Lexington Books, 2009, 8-9.

<sup>27</sup> Lakoff, George og Mark Johnson, *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press, 2003, 59 og 109-118.

<sup>28</sup> Kövecses, Zoltan. *Metaphor: A Practical Introduction: Second Edition*, Oxford: Oxford University Press, 2010, 4-8 og 14.

<sup>29</sup> Werth, Paul. “Extended metaphor – a text-world account”. *Language and Literature* 2, no. 3 (1994): 79–103 og 83.

<sup>30</sup> Kövecses, *Metaphor*, 7.

<sup>31</sup> Lakoff og Johnson, *Metaphors we live by*, 3-6 og 158.

eksistensen av ulike kulturelle førestillingar, og dessutan spenningar og kampar som er ibuande i desse kulturelle førestillingane.<sup>32</sup> Metaforar formar førestillings- og omgrepssstrukturene til verdsbilda våre, og å studera dei kritisk kan derfor, hevdar Andreas Musolff, gi oss innsikt i korleis dei har blitt etablerte og korfor dei har blitt suksessfulle. Det gir ein moglegheit til å forstå korleis kategoriseringar blir manipulerte for å etablera ulike sosiale dynamikkar som privilegerer enkelte grupperingar av opplevingar og som samtidig avviser andre.<sup>33</sup>

Kritisk metaforanalyse er eit relativt nytt fagfelt som først har blitt verkeleg etablert iløpet av dei to siste tiåra, der ein ser på korleis metaforiske mønster i vokabularet og grammatikken representerer og formar ideologiar og sosiale praksistar. Kritisk metaforanalyse er eit felt der ein miksar element frå kritisk diskursanalyse og metaforteori i eit forsøk på å relatera metaforiske mønster eller tema til forskjellige aspekt ved samfunnet, for så å spora ideologiane uttrykt av dei metaforiske temaa historisk. Språket blir då, ifylgje Andrew Goatly, ikkje eit gjennomsynleg medium som me tenker kva som helst fritt gjennom, men noko som formar våre tankar og praksistar. Konvensjonelle metaforar innanfor diskursar som politikk, økonomi, utdanning og miljø blir tenkt å determinera våre tankesett/vår bevisstheit og vår handling/praksis i desse sosiale sfærane.<sup>34</sup> Diskursomgrepet innanfor metaforanalyse betyr språket i bruk, som vil seia autentisk skriftleg og munnleg språk. Ein diskursorientert metaforskning vil altså seia den retninga innanfor metaforskninga som har metaforar og deira funksjonar i autentisk språk som forskingsgjenstand. Innanfor kritisk metaforanalyse tar ein så utgangspunkt i at språket kan gi ein innblikk i underliggende tankestrukturar, og at desse strukturane kan bli avdekkja gjennom å identifisera metaforane i språket.<sup>35</sup>

Både Labovitz, Musolff og Goatlys tankar om metaforteori har vore inspirerande i arbeidet med oppgåva, der eg har arbeida ut frå ei overtyding om at metaforbruken i *Fra landeveien* ikkje er vilkårleg, men speglar samtidig ideologisk tankegods. Gjennom å påpeika korleis ulike metaforar opnar for ulike verkelegheiter og reflekterer kampar om kulturelle førestillingar, har dei dessutan gjort meg bevisst på korleis ulike metaforar for ungane i bladet kan stå i konflikt med kvarandre og spegla motstridande meininger om ungane. Nokon av

---

<sup>32</sup> Labovitz, *Marriage and metaphor*, 10-11.

<sup>33</sup> Musolff, Andreas. "What can Critical Metaphor Analysis Add to the Understanding of Racist Ideology? Recent Studies of Hitler's Anti-Semitic Metaphors" *Critical Approaches to Discourse Analysis across Disciplines* 2, no. 2 (2008): 1–10, 2.

<sup>34</sup> Goatly, Andrew. *Washing the Brain: Metaphor and Hidden Ideology*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Co, 2007, 2-4.

<sup>35</sup> Askeland, Norunn og Magdalena W. Agdestein. *Metaforer: Hva, hvor og hvorfor?* Oslo: Universitetsforlaget, 2019, 21 og 31-32.

desse konfliktane som eg skildrar i oppgåva oppstår når typiske metaforar frå ulike kunnskapsfelt skal skildra det same måldomenet, der ein kan snakka om og forstå ungane annleis innanfor f.eks. missiologi og naturvitenskapane. Blikket for å lesa metaforar i lys av forskjellige kunnskapstradisjonar har leia meg til å analysera metaforane i oppgåva ved hjelp av sekundær litteratur om både Misjonen, liknande organisasjonar i samtid og dåtidas ulike vitskapsgreiner.

Eit mål har vore å identifisera meiningsflyttingane mellom dei ulike kjelde- og måldomena til metaforane i *Fra landeveien*, men òg kva for nokon narrativ dei inngår i. Ulike kjeldedomene heng saman med forskjellige assosiasjonsnett, som er eit sett forventningar delt av medlem av eit diskursfellesskap om typiske aspekt ved narrativa om ein kjeldesituasjon. Desse forventningane kan handla om kva for nokon deltararar som skal vera med og kva rollene deira er, korleis handlinga skal vera og ei verdivurdering av narrativet og deltararane i det. Dei ulike assosiasjonsnetta gjer at menneske ikkje berre kan kopla kjelde- og måldomene saman for å samanlikna eigenskapar ved dei, men opnar for å skapa meir komplekse narrativ. Gjennom å ikkje berre identifisera dei generelle kjeldedomena, men òg analysera dei ulike narrativa som heng saman med kjeldedomena, kan ein få ein rikare og meir utfyllande analyse av teksten.<sup>36</sup>

Paul Werths omgrep mega- og mikrometafor har òg påverka lesinga mi gjennom oppgåva, og i konklusjonen vil eg løfta fram funna mine i lys av nemnde omgrep. Werth kom frå litteraturvitenskap og nytta omgrepa sine i analysar av skjønnlitterære tekstar, men eg meiner framgangsmåten hans kan vera fruktbar òg i lesinga av andre typar tekst. Werth hevda at “there is an entire metaphorical ‘undercurrent’ running through a whole text,” og at denne understrømmen, megametaforen, manifesterer seg sjølv i teksten som fleire forskjellige mikrometaforar. Megametaforane er overordna kulturelle bilde, som ligg under mykje av vårt kvardagslege språk og tenking.<sup>37</sup> I konklusjonen vil eg i tråd med Werth samla dei ulike metaforane eg har analysert gjennom oppgåva, og løfta fram nokon megametaforar som skapar ein koherens mellom dei ulike mikrometaforane i materialet.

Eg har dessutan valt å inkludera fleire foto som eg skriv om i det andre kapittelet. Desse fotoa heng nøye saman med tekstane dei er trykt med, og saman med metaforane i tekstane skapar dei bestemde måtar å sjå ungane på. I inkluderenga av fotoa og lesinga av dei har eg vore påverka av Gillian Roses bok *Visual Methodologies*, og spesielt korleis ho skriv

---

<sup>36</sup> Musolff, Andreas. “Metaphor Scenarios in Public Discourse” *Metaphor and Symbol* 21, no. 1 (2006): 23–38, 26–28 og 36; Askeland og Agdestein, *Metaforer*, 68–69.

<sup>37</sup> Werth, “Extended metaphor”, 79–80 og 97.

om at foto inviterer til visse *ways of seeing*, måtar å sjå på. Ho har sett saman ei sjekkliste for korleis ein kan utforska kva menneskelege teikn kan symbolisera i foto, der Rose skriv om kva for nokon spørsmål det er produktivt å stilla når det kjem til representasjonar av kroppar, manerar og aktivitetar blant ulike rekvisittar og settingar.<sup>38</sup> Det har vore nyttig å ha denne lista med seg i lesinga av fotoa.

I arbeidet med oppgåva har eg lese årgangane 1898–1915 av *Fra landeveien* og valt ut 46 tekstar frå ulike årgangar som saman har blitt materialet for oppgåva. Artikkelutvalet heng saman med kva for nokon metaforar eg har vore interessert i å utforska i oppgåva, der eg har inkludert forskjellige tekstar frå ulike årgangar som saman dannar eit bilde av korleis desse metaforane kom til uttrykk i *Fra landeveien*.

## Struktur

Hovudmaterialet, eller omdreiingspunktet, i oppgåva vil vera eit spesielt nummer frå 1911. I nummeret frå mai–juni dette året er det ein tekst på to sider, der kva Misjonen arbeida med og var opptatte av er veldig fortetta. Eg har strukturert oppgåva ut frå tre tema knytte til tre forskjellige tekststadar i denne teksten. Under overskrifta “Vaar over landet” fylger to sider med foto og tekst om ungane ved Askviknes og Rostad, to barneheimar som Misjonen drifta. I løpet av desse to sidene skildrar ein håpet om korleis ungane skal utvikla seg, frykta for kva for nokon vanskar dei kan møta og trua på at Gud er med ungane og arbeidet. Desse tre temaa har blitt dei tre hovudkapitla i oppgåva, der eg vil ta utgangspunkt i tre metaforar ein bruker i teksten for å skildra nemnde tema: spire, uvêrsdag og sol. Desse bilda opnar for forskingsspørsmål som går igjen i møte med materialet, og eg meiner derfor at desse tekststadane frå 1911-utgåva er spesielt produktive i arbeidet med å nøsta opp i representasjonane av ungane.

I spirekapittelet, som har fått tittelen “Ungane”, vil dei ulike plantemetaforane for ungane i *Fra landeveien* vera tema. Kva for nokon implikasjonar innebar desse metaforane for forståinga av unganes foranderlegheit, og korleis var dei knytte til samtidige oppsedingsideal og førestillingar om ungar? Det neste kapittelet, uvêrsdagkapittelet med tittelen “Arv og miljø”, vil utforska dei forskjellige farane Misjonen identifiserte i arbeidet med ungane. Kva for nokon truslar var det Misjonen frykta skulle stogga den ynska utviklinga til ungane, og korleis kjem dei fram i ulike framstillingar av ungane? Sistekapittelet om sola, som har fått tittelen “Omvending”, vil ta nærmare for seg korleis det religiøse tankegodset til

---

<sup>38</sup> Rose, Gillian. *Visual Methodologies: An Introduction to the Interpretation of Visual Materials*. Thousand Oaks, CA: Sage Publications, 2001, 12 og 75-77.

Misjonen forma forståinga av og arbeidet med ungane, der ungane i kraft av det kristne rammeverket Misjonen opererte ut frå fekk ei spesiell rolle i arbeidet. Korleis forma gudstrua Misjonens forståinga av og arbeidet med ungane, og korleis blir dette spegla i framstillingane av ungane?

### Historisk kontekst: Om Misjonen

Jakob Walnum var generalsekretær i Misjonen frå 1897 til 1918 og den leiande figuren i åra oppgåva famnar. Han engasjerte seg først offentleg i arbeidet med “omstreifarane” i 1893, då han skreiv eit debattinnlegg i Morgenbladet som ein respons på eit innlegg Jacob Sverdrup heldt i Stortinget same år, der han tok til orde for at nokon måtte ta opp igjen Eilert Sundt sitt arbeid med “omstreifarane”.<sup>39</sup> Sundt blei engasjert i temaet i 1848. Etter folketeljinga i 1845 rasa debatten om “fantesaka” i norsk offentlegheit, for det året blei “fantane” i Noreg for fyrste gong talt i eigne “fantelister” med utfyllande informasjon om deira “moralske og fysiske tilstand”.<sup>40</sup> Desse listene blei offentleggjorde, og fleire aviser publiserte utdrag der namngitte “omstreifarar” blei skildra som ville og farlege menneske. Den negative omtala leia til krav om meir politi i gatene og strengare oppfylging av lovar om straff av lausgjengarar. Stortinget fylgde opp i 1848 med eit forslag til ein eigen “taterlov”, og lyste samtidig ut eit stipend som Sundt fekk. Stipendet var til å reisa rundt i Noreg for å granska og skriva om liva til “omstreifarane”, noko som resulterte i boka *Fante- eller Landstrygerfolket i Norge* frå 1850.<sup>41</sup>

Forskinga til Sundt skulle hjelpe myndighetene med å skapa “omstreifarane” i Noreg om til bufaste, for gjennom å skaffa seg meir kunnskap om gruppa ynska ein å kunna tilpassa lov, straff og statlege tiltak så dei råka gruppa meir effektivt. Arbeidet til Sundt endra synet på “omstreifarane” frå å sjå på dei som eit kriminelt vonde ein skulle fjerna gjennom forvising og fysisk utrydding, til å forstå dei som ei gruppe ein burde hjelpe til å bli ein del av majoritetsbefolkninga gjennom tvungen assimilering.<sup>42</sup> Assimileringspolitikk var då òg den dominerande linja i norsk minoritetspolitikk frå 1850-åra til 1980-åra, der den prinsipielle målsettinga var å “fornorska” minoritetane.<sup>43</sup> På bakgrunn av forslaga til Sundt blei “Fantefondet” oppretta av Stortinget i 1854, og pengane gjekk til forskjellige tiltak overfor

---

<sup>39</sup> NOU 2015: 7, 43.

<sup>40</sup> Gotaas, Thor. “For øvrig ikke medregnet”: tellingen av tatere på 1800-tallet” I *Folketellingen gjennom 200 år*. Redigert av Kjartan Soltvedt, 71–85. Oslo: Statistisk sentralbyrå, 2004, 71-72 og 74.

<sup>41</sup> Niemi, Einar. “Taterne – i forskningens og ‘sivilisasjonens’ lys”. I *Nasjonalstatens tid, 1814–1940*, bind 2 av *Norsk innvandringshistorie*. Redigert av Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli, 147–174. Oslo: Pax forlag, 2003, 167-168.

<sup>42</sup> Niemi, “Taterne – i forskningens og ‘sivilisasjonens’ lys”, 147.

<sup>43</sup> Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 58.

“omstreifarane” som direkte pengestøtte, tvangsarbeid og fosterheimar til ungane.<sup>44</sup> Seinare forsvann mykje av optimismen frå 1850-talet, då resultata ikkje var så suksessfulle som ein hadde håpa på. Etter Sundt døydde i 1875 blei “Fantefondet” i større grad rein pengestøtte til fattige “omstreifarar”, og ein brukte strengare straffar overfor dei som braut med lovverket. Gruppa blei klientifisert av myndighetene og sett på som “tilfelle”, altså som fattige eller forbrytarar.<sup>45</sup>

Tilbake til 1893 meinte ein at arbeidet med å assimilera “omstreifarane” hadde lege brakk sidan Sundt, og Walnum var villig til å ta opp stafettpinnen. Same år samla Walnum ein privat komité i Bergen for å fremma saka. Dei søkte Stortinget om pengar til å driva forberedande arbeid og fekk det. Pengane brukte Walnum i 1894–95 på å reisa til andre land, m. a. Tyskland, Sverige, Sveits og Belgia, for å studera politikken og tiltaka dei forskjellige myndighetene og organisasjonane gjennomførte overfor rom og “vagabondar”. Sidan fekk han støtte til å skriva *Plan for arbeidet blandt omstreiferne*, som regjeringa la fram for Stortinget i 1896 til stor velvilje. I planen fremma Walnum behovet for spesielle barneheimar for ungar av “omstreifarar”, men òg arbeidskoloniar for vaksne og heile familiarar, der dei skulle bli oppseda til eit bufast liv med regelmessig arbeid.<sup>46</sup>

Med vissa om eit godvillig Storting grunnla Walnum Misjonen som ein privat organisasjon i 1897, og allereie same år fekk dei sin fyrste bevilling over statsbudsjettet. Denne årlege bevillinga heldt fram til 1986. Misjonen fekk vide fullmaktar frå Kirke- og undervisningsdepartementet og Sosialdepartementet og blei ein hovudaktør i 1900-talets assimileringspolitikk overfor “omstreifarane” i Noreg.<sup>47</sup> I perioden oppgåva famnar dreiv Misjonen fleire forskjellige institusjonar, m. a. tre barneheimar: Askviknes som opna i 1900, Lillegården som opna i 1902 og Rostad som òg opna i 1902. Dei drifta dessutan ein arbeidskoloni, Svanviken, som opna i 1908 og var open for familiarar.<sup>48</sup>

### Materialet: Om *Fra landeveien*

*Fra landeveien* var eit månadsblad som blei gitt ut av Misjonen frå 1898, året etter stiftinga av organisasjonen. Det blei grunnlagt under namnet *Fra landeveien*, men endra i 1911 namn til *Paa hjemveien*,<sup>49</sup> noko bladet blei heitande til det blei lagt ned i 1988. Årgangane til *Fra*

<sup>44</sup> Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 19-20.

<sup>45</sup> Niemi, “Taterne – i forskningens og ‘sivilisasjonens’ lys”, 174.

<sup>46</sup> NOU 2015: 7, 43-45.

<sup>47</sup> NOU 2015: 7, 44-45.

<sup>48</sup> Lyngstad, Jacob. *Landeveiens folk i Norge: Kort oversikt over omstreifernes historie og Norsk misjon blant hjemløse 1897–1947*. Oslo: Norsk misjon blant hjemløse, 1947, 86.

<sup>49</sup> I oppgåva vel eg likevel å gjennomgående bruka namnet *Fra landeveien*, sidan det er dette namnet tidsskriftet hadde i storparten av årgangane oppgåva dekker.

*landeveien* dekker med andre ord så godt som heile levetida til Misjonen. Bladet er ein spennande inngang til misjonsorganisasjonens idéunivers og arbeid, då det var eit sentralt reiskap i virket til Misjonen. Dette kjem fram i dei uttalte formåla med bladet som er formulerte i det aller fyrste nummeret:

“Fra landeveien” vil bringe meddelelse om omstreifere, geseller og alle hjemløse landstrygere, vække medfølelse for dem og kalde til deltagelse i arbeidet for at bringe dem fra landeveien tilbake til de hjem, de har forladt. Det vil utbrede kjendskap til deres kaar og søge at samle alles interesse om det arbeide, der reises for at hjelpe dem. Det vil holde læserne à jour med arbeidet, eftersom det skrider frem og bringe meddelelse om de mange og store arbeider rundt omkring i alle lande, der reises for at afhjelpe denne nød og bringe alle vagabonderende og hjemløse folk til at stanse paa veien, vække deres bedre følelser og faa dem til at følge hans kald, der vil ogsaa disse menneskers redning og deres vel baade for tid og evighed.<sup>50</sup>

Måla med *Fra landeveien* var mange. Eit av dei var å samla støtte til Misjonen, noko ein skulle få til gjennom å fortelja om levekåra til “omstreifere, geseller og alle hjemløse landstrygere” og såleis vekka medkjensla og interessa til lesaren og leia hen til deltaking i arbeidet. Vidare skulle ein halda støttespelarar underretta om arbeidet som blei gjort nasjonalt og internasjonalt for å busetta “omstreifarane”, gjennom å gi stadige oppdateringar om tiltaka i regi av Misjonen heime og i regi av organisasjonar og myndigheter i andre land. *Fra landeveien* skulle altså vera eit informasjonsorgan for organisasjonen. Gjennom desse tiltaka skulle bladet hjelpa til på vegn mot Misjonens mål om å få “alle vagabonderende og hjemløse folk til at stanse paa veien” og “følge hans kald”.

Eg vil hevda at *Fra landeveien* fylte etter andre roller i Misjonen, som ikkje er eksplisitt formulerte i formålserklæringa. Som ein misjonsorganisasjon med spreidde støttespelarar landet over, var *Fra landeveien* ein felles “møtestad” for dei som engasjerte seg i Misjonen. Gjennom lesinga av bladet som dukka opp i postkasser landet over blei ein del av eit lesande fellesskap med interesse for misjonsarbeidet. Ein kunne òg senda inn lesarbrev og få dei på trykk, og dermed ta del i det skrivande meiningsfellesskapet i Misjonen. Dessutan oppfordra ein ofte i bladet om å bli med i eller stifta foreiningar, der bladet blei ein pådrivar og tilretteleggar for å skapa faktiske møtestader og mindre fellesskap landet over. I desse fellesskapa var *Fra landeveien* dessutan sentralt som felles lesing på møta, noko som kjem fram i skildringar frå typiske treff: “[man] vil læse vort blad ‘Fra landeveien’, samtale om arbeidet, legge det frem for Gud i bøn og drøfte, paa hvilken maate man yderligere skal kunne skaffe det plads i folks interesse og kjærlighet.”<sup>51</sup> Denne typen foreiningar var typiske i

---

<sup>50</sup> Anon., “Hjemløs”, 4.

<sup>51</sup> Frøland, S. “Øreforeninger for vore hjemløse” *Fra landeveien* 12, no. 3–4 (Mars–april 1909): 10–12, 11.

Noreg i samtid, der ein innanfor det pietistiske lekfolket danna slike grupper for å fylgja opp trua si i intensivert arbeid for bestemte saker.<sup>52</sup>

Ei anna rolle *Fra landeveien* spelte, var som eit identitetsskapande arbeid for dei tilsette og engasjerte i Misjonen. I formålserklæringa skriv ein om kva bladet skal gjera for den jamne lesaren, mens kva det kan gjera for dei som drifta bladet og Misjonen blir ikkje omtalt. Gjennom å kontinuerleg formulera for lesarane kva for eit arbeid ein dreiv på med og korfor det var viktig og riktig å støtta det, så formulerte ein det samtidig òg for seg sjølv. Den stadige presentasjonen av misjonsarbeidet var ei meinings- og identitetsskapande verksemد.

Walnum var Misjonens generalsekretær til 1918 og redaktør for *Fra landeveien* til 1916.<sup>53</sup> Han var altså redaktør og redigerte bladet i alle årgangane oppgåva famnar. Det var fleire ulike skribentar i bladet. Nokon signerer berre med initialar, mens andre signerer utan namn, men på vegne av ei gruppe, som ei kvinneforeining. Andre skriv under med fullt namn og gjerne yrke. Dei fleste tekstane har likevel ingen signert avsendar. I årgangane eg har sett på er det truleg bladredaktør Walnum som står bak fleirtalet av dei namnlause tekstane, men det kan ein ikkje vita sikkert. Eg har derfor valt å markera desse tekstane med Anon. som forfattarnamn. Hovudvekta av dei namngitte skribentane kjem frå prestestanden. I boka *En landevei mot undergangen* blir støttespelarane til Walnum og Misjonen skildra som “det konservative og høyborgerlige næringslivsaristokratiet” beståande av grosserer, skoledirektørar, skipsreiarar, godseigarar og biskopar,<sup>54</sup> mens ein i *Taterne* kan lesa ei skildring av den typiske støttespelaren som ho som samla inn kollekt på sundagen, heldt basar på bedehuset og strikka sokkar som blei sendt til barneheimane kvar haust.<sup>55</sup> Begge desse “typane” er til stades i bladet, men dei strikkande finn ein helst i lister over gåver og blant dei namnlause medlemmane i kvinneforeiningane. Dei som meir høyrer heime i fyrste leiren er gjerne dei ein finn igjen i signaturar under preiker og lengre meiningsinnlegg.

Bladet gir uttrykk for kva for ei idéverd *Fra landeveien* og Misjonen opererte i, men det var ikkje eit medium for tankar i stein, men ein verkstad der forskjellige idéar blei lagt fram og testa mot kvarandre. Dette var likevel ikkje i form av tradisjonell avisdebatt med innlegg for og mot som referer til kvarandre, men kom heller til uttrykk gjennom at ulike tekstar tok opp dei same spørsmåla over tid med forskjellige svar. I desse tekstane kan ein

<sup>52</sup> Rasmussen, Tarald. “Det indre og det ytre: Noen hovedtemaer fra luthersk moraltradisjon”. I *Moralsk og moderne? Trekk av den kristne moraltradisjon i Norge fra 1814 til i dag*. Redigert av Svein Aage Christoffersen, 17–39. Oslo: Gyldendal, 1999, 38.

<sup>53</sup> Lyngstad, *Landeveiens folk i Norge*, 79-80.

<sup>54</sup> Bastrup, Olav Rune Ekeland og Aage Georg Sivertsen. *En landevei mot undergangen: utryddelsen av taterkulturen i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget, 1996, 83-84.

<sup>55</sup> Gotaas, Thor. *Taterne: Livskampen og eventyret*. Oslo: Andresen og Butenschøn, 2000, 231.

merka noko av meiningsmangfaldet og forhandlingane i Misjonen, og desse spenningane når det kjem til spørsmål om arv og miljø vil bli eit tema i oppgåva, spesielt i det tredje kapittelet.

I årgangane som er med i oppgåva har bladet eit stort sett likt oppsett. Lengda ligg på fire til åtte sider. På fyrste sida har ein bladtittelen i stor font, og frå 1905 finn ein eit bilde over tittelen; motivet varierer, men er knytt til misjonsarbeidet og som regel eit bilde av ein av barneheimane eller ungane på barneheimane. I dei fyrste årgangane er det sjeldan bilde i bladet, men samtidig som ein begynte med bilde på fyrstesida dukka dei oftare opp andre stader i bladet. Ein kan sjå dei same trekka i avisar og tidsskrift i samtidia. Mens dei fleste hadde få eller ingen illustrasjonar på 1800-talet, så markerte det fyrste tiåret av 1900-talet eit gjennombrot for bruk av foto som illustrasjon. Dette hang saman med tekniske nyvinningar på denne tida, der det blei stadig enklare og billegare å trykka foto.<sup>56</sup> Resultatet var at foto i løpet av eit par tiår blei den dominante illustrasjonsteknikken i avisar og tidsskrift,<sup>57</sup> òg i *Fra landeveien*. I oppgåva vil nokon av fotoa frå bladet bli trekt fram i det andre kapittelet.

Under overskrifta finn ein den fyrste teksten, som vanlegvis er ei preike eller oppbyggande tekst som strekk seg over ei og ei halv side. Dei kan handla om arbeidet til Misjonen, men er gjerne om meir allmenne, religiøse tema. Desse tekstane er ofte knytt til bibeltekstar som heng saman med kor ein er i kyrkjeåret. Avhengig av lengda på bladet og tekstane kjem ein til fire tekstar til etter preika, der minst ein av dei skildrar aktuelt arbeid eller framtidige planar i Misjonen. Tema som går igjen er rapportar frå tilsvarande arbeid i utlandet, lesarbrev som fortel om lokalt arbeid for Misjonen, tilsette ved dei ulike institusjonane til Misjonen som skriv inn om kvardagen der, brev frå støttespelarar som skildrar “omstreiferplagen” i sine nærområde og meir faglege tekstar som handlar om spørsmål som kriminalitetstrendar i samfunnet, kor “omstreifarar” kjem frå og kor vidt dei kan bli bufaste. Mot enda av bladet finn ein ofte notisar frå ekspedisjonen om kontingent, og til sist kjem “gavefortegnelsen”, der gåver til Misjonen blir lista opp med namnet til givaren.

---

<sup>56</sup> Johansen, Tor Are. “Avisene blir industrielle masseprodukter”. I *Parti, presse og publikum 1880–1945*, bind 2 av *Norsk presses historie 1–4 (1660–2010)*, redigert av Rune Ottosen, 109–150. Oslo: Universitetsforlaget, 2010, 131–132.

<sup>57</sup> Larsen, Peter og Sigrid Lien. *Norsk fotohistorie: frå daguerrotypi til digitalisering*. Oslo: Samlaget, 2007, 146–148.

## 2. Ungane: “Og vi fryder os ved at se det nye, spirende liv”

I dette kapittelet vil hovudtemaet vera framstillingar av og førestillingar i *Fra landeveien* om oppsedinga av ungane. Gjennom å undersøka kva for nokon metaforar som er i spel når ungane blir skildra, vil me sjå korleis dei blir sentrale i verdsbildet til Misjonen og dermed òg for arbeidet deira. Utgangspunktet vil vera bildebruken i teksten “Vaar over landet” frå eit vårnummer frå 1911, som blei introdusert kort innleiingsvis som kjelda til tekstdadane oppgåva er ordna etter. Ut frå bilda, både dei språklege bilda og fotoa, som er i bruk i teksten vil fleire liknande bilde frå andre nummer bli trekte inn, og sett i samanheng med den historiske konteksten dei blei til i vil desse bilda saman fortelja noko om korleis ungane blei forstått.

I “Vaar over landet” finn ein tre foto (sjå illustrasjonane 1, 2 og 3) av ungar ved barneheimane Askviknes og Rostad. To av bilda er frå Askviknes. På det fyrste ser ein ungeflokken på Askviknes oppstilte saman med fire tilsette, der fleire av ungane sit på ei hestekjerre. Det andre bildet er eit nærbilde av to ungar, ein gut og ei jente, som held hender. Det siste bildet viser alle ungane på Rostad saman med eit par tilsette, der dei står oppstilte i rekker, dei minste sit på stoler og to guitar har klatra opp i eit tre. Felles for alle bilda er at dei er tatt utandørs med frodig skog som bakgrunn og at sola skin på ungane, og ut frå korleis fotografen har stilt opp ungeflokkane og seg sjølv i forhold til sola kan det næraast sjå ut som om det er ungane sjølv som skin. Grunna blada på trea og dei lette kleda forstår ein at bilda er tatt i sommarhalvåret, og motiva natur og vår går òg igjen i teksten:

Ungdomstiden er livets vaar. Hvor vakker er ikke vaaren iaar! Det er, som om alt har ligget færdig til at spire og vokse frem. Vi ser forskjel fra dag til dag. Og vi fryder os ved at se det nye, spirende liv. ... Se barneflokken på Askviknæs barnehjem. Ikke sandt, det lyser av den. Der er vaarstemning over den. Og se de to mindste, der staar hand i haand. Det er vaarens lyse skud. Som alt staar grønt og frodig bak vore to kjære smaa, saa er det vort haap, at de vil vokse og tilta i alt, som er ædelt og godt. Og se vor kjære, deilige barneflok paa Rostad. Solen lyser over flokken, der har samlet sig ude i haven under trærne. Det er som en levende blomsterhegn. Der er harmoni over dem alle. Det er, som om alle vaarens forjættelser taler ut fra dem.<sup>58</sup>

Her blir ungane skildra som “det nye, spirende liv” som “der er vaarstemning over”, dei er “vaarens lyse skud” som “det lyser av”. Dei er “som et levende blomsterhegn” og “alle vaarens forjættelser taler ut fra dem.” Ungane er dessutan i ungdomstida som blir skildra som “livets vaar”, og håpet er “at der skal komme en god sommer etter”. Målet er då at dei vil som naturen som “staar grønt og frodig bak ... vokse og tilta i alt, som er ædelt og godt.” Dei vaksne, dei tilsette og lesarane, er òg til stades i teksten, men det er som eit gjentakande “vi” som kikkar på, vurderer og skildrar ungane “våre” gjennom teksten: “vi glæder os”, “vi ser

<sup>58</sup> Anon., “Vaar over landet.” *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 18–19, 18–19.

forskjel fra dag til dag”, “vi fryder os”, “vort haap”, “vore to kjære smaa” og “se vor kjære, deilige barneflok”.<sup>59</sup>

Ungane frå barneheimane blir i teksten omskapte til blomsterhekkar og skudd som badar i vårsol. Når ungar blir skot er det fordi ein bruker omgrep frå naturen og jordbruksfor å forstå og setta ord på kva for eit arbeid ein gjer ved barneheimane. Dei forskjellige uttrykka som “spirende liv”, “vaarens lyse skud” og “et levende blomsterhegn” stammar alle frå den konseptuelle metaforen “menneske er plantar”. Her grip ein til kjeldedomena natur og jordbruk for å forstå og fortolka måldomena oppseding og omskaping. Når me kategoriserer fenomen og opplevingar i verda gjennom å skapa meiningsflyttingar mellom kjelde- og måldomene, så framhevar me visse eigenskaper ved dei som me meiner svarer til kvarandre. Samtidig som ein framhevar desse likskapane, så nedtonar og skjuler me andre eigenskapar ved dei. Me vel oss derfor dei kategoriseringane som til ein kvar tid passar overeins med kva for nokon eigenskapar me er interesserte i å framheva.<sup>60</sup>

Korleis påverkar metaforbruken i *Fra landeveien* forståinga av ungane, og kva skjer samtidig med “vi”, altså dei tilsette og lesaren? Kva for nokon eigenskaper trekk ein fram ved ungane, og kva for nokon eigenskaper tillegg ein “oss”? Korleis er desse representasjonane med på å gjera ungane sentrale i arbeidet til Misjonen? I dette kapittelet skal me kikka nærmare på ulike plantemetaforar i skildringane av ungane i *Fra landeveien*.

### Ungane som formbare vekstar

Typiske meiningsflyttingar ved bruk av den konseptuelle metaforen “menneske er plantar” er at livssyklusen til plantar er som livssyklusen til menneske, og at veksten til plantar er som utviklinga og framstega til menneske gjennom livet.<sup>61</sup> Ein ser dette igjen i “Vaar over landet”, der det fyrste stadiet i livet til mennesket (barndommen) blir samanlikna med tilsvarande stadium i livet til planten (frøspiring). Vidare ynsker “vi” seg at ungane gjennom gode val (framsteg) skal voksa til å bli som den grøne og frodige naturen som omgir dei. Nokon eigenskapar ein framhevar ved ungane gjennom denne metaforbruken, er at dei er formbare. For at eit skjørt frø skal bli eit stødig tre, må dei rette forholda rundt treet vera til stades. Påverknad frå omgjevnadane har noko å seia for korleis livsløpet til frøet vil bli, og i eit slikt

---

<sup>59</sup> Min kursivering

<sup>60</sup> Lakoff og Johnson, *Metaphors we live by*, 163.

<sup>61</sup> Kövecses, *Metaphor*, 269.

bilde vil nok ei meiningsflytting vera at det er mogleg for “vi” å sørga for at ungane utviklar seg som ynska gjennom å legga til rette for gode vekstforhold (ei god oppseding).<sup>62</sup>

Denne siste meiningsflyttinga finn ein igjen fleire stadar i *Fra landeveien*, m. a. i ein tekst frå 1912, “For barnas skyld!”. I teksten skildrar ein korleis foreldra til ungane langs landevegen sørger for at dei blir døypte, men ikkje oppsendar ungane i tråd med dåpsakta:

Barna vokser op uten at betingelserne for daabspagtens bevarelse paa nogen maate er tilstede. Og de vokser op uten røgt ogsaa i andre retninger. Evner og anlæg blir liggende der uutviklet. Begreper og forestillinger ledes i et galt spor. Et saadant barn frembyr, sjølelig set, et syn som det reneste vildniss. Her trænges en kraftig og bestemt vilje for at bane vei for lyset fra en høiere sfære. Mere end for andre barn ellers tror jeg her er nødvendig en stadig overvaaken og syselsættelse.<sup>63</sup>

Ungane langs landevegen veks opp utan røkt. Røkt vil seia stell eller oppsyn, og blir som regel nytta når ein snakkar om å røkta biar eller buskap.<sup>64</sup> Mangelen på røkt leiar til at evnene til ungane ikkje blir utvikla og at førestillingane deira blir leia i eit galt spor. Resultatet er at ungane utviklar seg til sjellelege villnis. Då er det nødvendig at ein bestemt vilje grip inn overfor ungane og luker i villnisen foreldra har skapt, for å bana veg for lyset frå ovan. Viljen som skulle rydda opp og bana veg for lyset var dei tilsette i Misjonen, og dette skulle dei klara gjennom å ta seg av “opdragelsen av barna” og “vække far og mor”.<sup>65</sup> Dette kunne visa seg å vera ei vrien, men absolutt ikkje umogleg, oppgåve, då desse ungane kunne trenga meir oppsyn enn andre ungar.<sup>66</sup>

Her er ikkje ungane ein blomsterhekk som i “Vaar over landet”, men eit villnis: tett og ugjennomtrengeleg småskog, som i overført tyding betyr innvikla, uoverskodeleg og kaotisk.<sup>67</sup> Eit interessant trekk ved teksten er at ein skildrar sjelene til ungane både som eit villnis, men òg som aude. Ordet aude betyr eit ubygde, goldt landskap utan liv, og uttrykket når noko blir lagt aude vil seia at noko mister sin verdi eller sine gode eigenskapar.<sup>68</sup>

Det sorgeligste kapitel i landeveiens saga er det som bærer overskriften “barna”. Det er hjerteskjærende at tänke paa alle de skjæbner som lægges øde under reiselivet – allerede fra fødselen av. For en sum av lidelse! Og for et spild av kræfter!<sup>69</sup>

---

<sup>62</sup> Eit viktig trekk ved desse vekstforholda som ikkje vil bli omtalt nærmare i dette kapittelet er “hans sol”, Guds sol, som lyser over ungane i 1911-nummeret. Denne metaforen vil me gå nærmare inn på i kapittel 4. Det same gjeld korleis ein kan kopla vårnummeret og tematiseringa av nytt liv til det kristne årshjulet, der 1911-nummeret er pinseutgåva. Dette vil me òg komma tilbake til i kapittel 4.

<sup>63</sup> C. “For barnas skyld!” *Paa hjemveien* 14, no. 11–12 (November–desember 1912): 51–53, 52.

<sup>64</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. “røkt” 7.9.2022. <https://naob.no/ordbok/r%C3%B8kt>

<sup>65</sup> C., “For barnas skyld!”, 52.

<sup>66</sup> Der me i dette kapittelet ser nærmare på korleis ein såg på ungane og moglegitene dei bar med seg, vil me i kapittel 3 komma nærmare inn på korleis desse ungane skulle vera annleis enn andre ungar og kva for nokon utfordringar Misjonen derfor kunne møta på i oppsedinga.

<sup>67</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. “villnis” 7.9.2022. <https://naob.no/ordbok/villnis>

<sup>68</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. ”øde” 7.9.2022. [https://naob.no/ordbok/%C3%88de\\_2](https://naob.no/ordbok/%C3%88de_2)

<sup>69</sup> C., “For barnas skyld!”, 51.

Bilda av ungane som villnis, aude og skot kjem alle frå det same konseptuelle domenet “plantar”, men dei viser fram forskjellige utfall av oppsedinga til ungane. Der ein i ein tekst framheva gjennom metaforbruken kor lovande spirer ungane var i blomsterbedet i barneheimane, legg ein her vekt på kor håplaust det står til med dei om dei ikkje kjem under Misjonens reinskande oppsyn; utan stell frå Misjonen blir ungane sitt sjellelege landskap liggande (paradoksalt nok både) daudt og overgrodd. Daude og overgrodde landskap kan ein ikkje hausta noko særleg frå. Med kyndig og stadig røkt frå Misjonen derimot, vil dei håpefulle ungane få moglegheit til å strekka seg mot lyset og bryta med sleksarven. Teksten sluttar såleis med orda: “vi [henter] nyt haab i de smaa, klare, tillidsfulde barneøine. For barnas skyld vil vi holde ut. De eier fremtiden. De skal reise slekten.”<sup>70</sup> Å reisa slekta er ein referanse til Jes 61, 4, der det blir lova at slektar som har lege aude skal bli reiste igjen. Misjonen ser i lys av dette bibelverset “omstreifarane” som ein av desse slektene, og bibelverset dukkar m.a. opp igjen i teksten “Hvad der har ligget øde” frå 1913, der “omstreifarane” i tråd med verset blir skildra som ruinar som gjennom arbeidet til Misjonen blir reiste igjen: “Ruinerne skal gjenopbygges. Vi glæder os inderlig for hver familie som sier reiselivet farvel og kommer til os”.<sup>71</sup>

Gjennom å legga såpass stor vekt på oppseding og foranderlegheit blei arv i Misjonens første år på mange måtar underordna miljø.<sup>72</sup> Dette kjem til uttrykk i klartekst i ei preike frå 1901 av Andreas Hval som blei attgjeven i *Fra landeveien*: “Det var en ting, man oversaa, naar man uden videre tilegnede sig den paastand, at omstreiferlivet var en arv og at omstreiferne ikke lod sig vinde. Det var opdragelsen.” Hval hevda vidare at om nyfødde ungar frå ein prestefamilie eller eit kongehus blei tatt frå foreldra og oppseda langs landevegen, ville ein finna dei igjen som vaksne som “fuldblods omstreifere med alle disses vaner og laster”. Etter ei oppseding prega av “løgn, bedrageri, tyveri, hykleri, raahed” ville det ikkje vera noko igjen i desse ungane av arven og adelskapet.<sup>73</sup> Denne råe oppsedinga langs landevegen blei skildra som “den eneste skolegang” ungane til “omstreifarane” hadde fått, og det var då heller ikkje rart at dei lærte i den skolen dei gjekk og dermed blei “omstreifarar” som foreldra, som det blir argumentert i ein tekst frå bladets fyrste årgang.<sup>74</sup>

<sup>70</sup> C., “For barnas skyld!”, 53.

<sup>71</sup> I. B. C. “Hvad der har ligget øde. (Ved en familjes optagelse).” *Paa hjemveien* 15, no. 7–8 (Juli–august 1913): 37–38, 38.

<sup>72</sup> Diskusjonar kring arv og miljø vil me komma nærmare tilbake til i kapittel 3, men eit utbreidd syn som vektlegg miljø og unganer moglegheit til å bli omskapte blir omtala allereie her for å redegjera for korfor ein valde å ta utgangspunkt i ungane.

<sup>73</sup> Anon., “Pastor Hvals prædiken i Johanneskirken søndag 21de august 1901” *Fra landeveien* 4, no. 10 (Oktober 1901): 37–38, 38.

<sup>74</sup> Anon., “Tilstanden blandt omstreiferne” *Fra landeveien* 1, no. 8 (August 1898): 30–32, 32.

Om ein gav dei ein annan skole for livet, ei anna oppseding, i barneheimane, ville det vera mogleg å reisa slekta, altså sørga for at ungane ville veksa opp til å leva eit bufast liv og bli ein del av majoritetsbefolkninga. Ungane var den foranderlege framtida, og det var mogleg for dei tilsette i Misjonen å forma ungane som dei ynska. Denne haldninga kjem til uttrykk i ein tekst om barneheimen Rostad:

Fremtiden hører de unge til. Vi glæder os ved at se evner og kræfter vaagne hos de unge. Vi har det sikre haab, at den barneskare, der har faaet et saa godt og velsignet hjem, skal blive med og lægge sit til det fælles arbeide, vi alle er kaldede til, og som skal gjøre landet til et godt og velsignet land.<sup>75</sup>

Mykje av tankegodset til Misjonen, både når det kjem til metaforbruk og optimisme på vegne av ungane, finn ein igjen i idéstrøymingar i samtidia. Misjonen var ikkje aleine om å framstilla seg sjølv som gartnarar og gardbrukarar i møte med ungar. Å skildra oppseding av ungar gjennom omgrep og førestillingar frå landbruket var typisk i samtidia, spesielt innanfor protestantisk tradisjon. Uttrykk som å skapa god jord, plukka ugras og å leia unge skot i retninga ein ynska dei skulle veksa var typiske metaforar når ein skildra oppseding. Ein la vekt på arvesynda, og mantraet var at om ein ikkje greip inn som ein disiplinerande gartner i ungane si oppseding, men heller lét dei veksa vilt, ville det gå dei dårleg.<sup>76</sup> Ein meinte å sjå ein samanheng mellom korleis ein hadde det som unge og korleis ein enda opp som voksen, og innan midten av 1800-talet var ein ideologi om barndom blitt rådande blant dei øvre samfunnslaga i Europa og Nord-Amerika, der ein viktig overtyding var at barndommen kunne determinera korleis voksenlivet ville bli. Barndommen blei med dette sett på som noko spesielt det var viktig å utforska, verna om og kontrollera. Ungane blei rekna som framtida og samtidig formbare og uferdige, noko som opna for at gjennom å bearbeida dei kunne ein skapa ein betre morgondag.<sup>77</sup>

Ein konsekvens av denne tankegangen var at der ein såg eit forandrande potensiale i ungane, så såg ein stivna vaner hos foreldra. Misjonen skulle òg forsøka å omvenda dei vaksne, men ein hadde ikkje like mykje håp om å lykkast med dei, noko som kjem fram i denne teksten frå 1900:

Ganske vist skal hjelpen søges givet baade gamle og unge, baade store og smaa. Men ofte er det nok lidet haab om, at det vil lykkes at føre dem, som er bleven gamle paa landeveien, og har levet sig ind i omstreiferlivet tilbake til de borgerlige og kirkelige samfundsforholde med deres goder; thi de har aldri kjendt dem ...<sup>78</sup>

---

<sup>75</sup> Anon., "Rostad." *Fra landeveien* 9, no. 8 (August 1906): 33–34, 34.

<sup>76</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 47. Me vil komma meir tilbake til arvesynd i kapittel 3.

<sup>77</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 40 og 138.

<sup>78</sup> Anon., "Indvielsen af Askviknæs barnehjem" *Fra landeveien* 3, no. 8 (August 1900): 29–32, 31.

Dei vaksne var altså vanskelegare å omvenda både fordi dei hadde vendt seg til eit liv på landevegen og fordi dei ikkje kjente til noko anna liv. Der ungane var unge vekstar opne for påverknad og med alle moglegheiter framfor seg, så var dei vaksne modne og allereie forma. Spirer og unge vekstar kan ein forma som ein ynsker, men utvaksne plantar er det verre med.

Denne haldninga kjem til uttrykk i eit dikt frå 1901:

Den vilde tater ønsker ei at bytte  
Sin fantesti med al dens kiv  
For mere fredfuldt, mere ordnet liv,  
...  
Vel sandt, arbeidet er ei af de lette,  
Det falder svært en kroget gren at rette.<sup>79</sup>

Det er vanskeleg å retta ut ein kroka grein; då er det betre å gripa inn tidleg. Det var òg dette som var den store innvendinga til Walnum mot arbeidet til Sundt, der han kritiserte Sundt for å ha konsentrert arbeidet sitt om dei vaksne og omvendinga av dei. Om ein ynska å busetta alle reisande i Noreg måtte ein begynna arbeidet i motsett ende, med ungane i barneheimar.<sup>80</sup> Ungane måtte bli tatt frå foreldra, som hadde ein därleg påverknad på ungane, i tidleg alder så dei kunne bli forma til bufaste borgarar i barneheimane.<sup>81</sup> Foreldra var allereie stivna i eit uynska levesett, og det var om å gjera å sørga for at dei ikkje fekk moglegheita til å vidareføra sine uvanar til ungane gjennom oppsedinga.

### Omskaping gjennom å slå rot

Misjonen ynskte å bearbeida ungane for å skapa ein betre framtid, og eit bilde på denne bearbeidingsa som går igjen i *Fra landeveien* var å planta om. Trua på at det ikkje er gitt korleis ungane vil bli som vaksne, men at påverknad utanfrå kan ha noko å seia i den eine eller andre retninga, finn ein igjen når ein skildrar oppseding som jordbotn ungane er planta i. I ein tekst frå 1898 blir livet langs landevegen skildra som eit liv som “synker ned i det lave, det sanselige”, der “børnene allerede i en tidlig alder tager etter og lærer det, som er ondt”: “Af en jordbund som denne kan der ikke opvokse andet end det, som er daarligt og fordærvlig baade for dem selv og for dem, som de færdes iblandt.”<sup>82</sup> Det onde er altså noko ein lærer, ikkje noko ein er født som, og i eit bilde der ungane er spirer i därleg jord, vil det dessutan vera mogleg å planta dei om for å sørga for at dei skal veksa som ein ynsker. Når familiar fekk forlata Svanviken etter omfattande skolering for å slå seg ned i eit hus finansiert

---

<sup>79</sup> Anon., “Prolog ved aftenunderholdningen til indtægt for omstreifermisionen afholdt i Arendal marts 1901” *Fra landeveien* 4, no. 6 (Juni 1901): 21–22, 21.

<sup>80</sup> NOU 2015: 7, 43.

<sup>81</sup> Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 59.

<sup>82</sup> Anon., “Tilstanden blandt omstreiferne”, 32.

av Misjonen, skildra ein det dessutan i 1910 som at dei då var “plantet ind i samfendet.”<sup>83</sup> Same år varsla ein om at stadig fleire unge blei kriminelle, dei “river sig løs fra samfendet og kommer paa drift”:

Samfendet kan naturligvis ikke undlate at stoppe det spirende ukrudt. ... Vi maa rive dem ut fra slette omgivelser, plante dem om og føre dem tilbake som sunde og gode medlemmer av samfund og kirke. Det er det, vi vil gjøre.<sup>84</sup>

Her er dei unge spirande ugras som er i drift. Å vera i drift vil seja å la seg驱iva av stad av straumar og vind, og biletleg tydar det å ha mista sosial og moralsk forankring.<sup>85</sup> Dei unge er altså rotlaust ugras, men gjennom å bli planta av Misjonen kan dei knyta seg til jorda, stå støtt i gode verdiar og reddast tilbake som sunne og produktive medlem av storsamfunnet. I ein tekst frå 1906 om korleis det går med ungane som kjem under Misjonen, skriv ein igjen om det å planta om, men òg om det å slå røter: “Og det viser sig saa ofte, at barnet ved at overflyttes til et godt hjem plantes i en jordbund, hvor det slaar rod og utvikler sig sundt og godt.”<sup>86</sup> I ein song frå 1902 kjem ein igjen inn på rot, då ein skildrar “omstreifarar” som “landet vanker uden fæste for sin fod” i kontrast til “de smaa, som hid vi sanker” med eit ynske om at ungane i barneheimen skal “fæste livsensrod.”<sup>87</sup> Å slå røter betyr i overført tyding å slå seg ned og å etablira tilknyting.<sup>88</sup> Eit viktig trekk ved levemåten til “omstreifarane” var nettopp det å ikkje slå rot som majoritetsbefolkninga i ein bustad heile året, men å reisa i tråd med eit nomadisk levevis. Her ser ein at ein god og sunn borgar i Misjonens samfunn ikkje er den som er i drift og “vanker uden fæste”, men ein som er planta i jorda og bunden fast til ho gjennom djupe røter.

Idealet om å vera bunden til jorda gir gjenklang av rådande nasjonalistiske ideal i samtid, som var mønsterbilde grupper som “omstreifarane” ikkje stemma overeins med. Det reisande levesettet på tvers av kommune- og landegrenser blei stilt i sterkt kontrast til det mønstergode bufaste livet, som var sjølve grunnpilaren i det siviliserte samfunnet. Utover 1800-talet utvikla ein stadig fleire institusjonar for kontroll og overvakning av innbyggjarane i dei ulike nasjonalstatane, òg i Noreg, og oppsynet ved landegrensene blei strengare. Målet med den aukande sosiale og juridiske kontrollen var oversikt, orden, kontroll og ein integrasjon (ergo assimilasjon) av ulike avvikarar i nasjonalstaten.<sup>89</sup> Formålet var å skapa dei

<sup>83</sup> S. F. “Litt fra Svanviken” *Fra landeveien* 12, no. 5–6 (Mai–juni 1910): 20–21, 20.

<sup>84</sup> Anon., “Er det ikke for sent?” *Fra landeveien* 13, no. 3 (Mars 1910): 10.

<sup>85</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. “drift” 29.9.2022. <https://naob.no/ordbok/drift>

<sup>86</sup> Anon., “Hvorledes kan jeg personlig hjelpe?” *Fra landeveien* 9, no. 3 (Mars 1906): 15.

<sup>87</sup> G. J. “Ved indvielsen af Lillegaardens barnehjem i Eidanger 8de juni 1902” *Fra landeveien* 5, no. 7 (Juli 1902): 25.

<sup>88</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. “rot” 7.9.2022. [https://naob.no/ordbok/rot\\_1](https://naob.no/ordbok/rot_1)

<sup>89</sup> Niemi, “Taterne – i forskningens og ‘sivilisasjonens’ lys”, 147–148 og 169; Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 32.

om frå ein trussel og ei plage til lønnsarbeidarar, noko ein skulle få til gjennom å kristna og modernisera dei. Dette var del av eit større prosjekt i samtida, der ein ynska å utnytta menneskelege ressursar mest mogleg effektivt; det ville ein klara gjennom å kontrollera avvikarane for så å tildela dei ein plass i det ordna samfunnet.<sup>90</sup> Ein annan motivasjon finn ein i trua på at den kristne religionen og det bufaste, vestlege leveviset var den høgst utvikla forma for sivilisasjon, og at ein i tråd med apostoliske ideal var pliktige å spreia trua og levesettet vidare til dei som var mindre privilegerte. Dette var sentrale overtydingar innanfor liberalteologien, ein retning innanfor kristendommen som i stor grad prega Misjonen.<sup>91</sup>

Norske myndigheter og ulike grupper hadde i tråd med desse idéane arbeida sidan 1840-talet med å innlemma “omstreifarane” i majoritetsbefolkinga, men noko av det nye med Misjonen og dei mange plantemetaforane var fokuset på å skapa sosial orden, “sunde og gode medlemmer av samfund og kirke” som det heitte ovanfor, gjennom omskaping av ungane. Dette var i samsvar med eit av hovudtrekka ved assimileringspolitikken i Noreg på byrjinga av 1900-talet, nemleg at han retta seg spesielt mot ungar.<sup>92</sup> Omskapinga av ungane blei forstått i *Fra landeveien* gjennom nok eit bilde frå naturens verd. Fram til nå har me sett korleis ungane har blitt skildra som skot, spirer, villnis, aude, omplanta og rota, men i eit nummer frå 1903 blir dei skildra som frukt i ein tekst om eit bilde av ungar frå Askvinsknes barnehjem (sjå illustrasjon 4). På bildet sit og står ungane oppstilte i finklede på trammen foran eit hus. Fleire av ungane har falda hendene, og to av dei tilsette sit blant dei med spedbarn i hendene:

Hvis du ikke vidste, hvem disse var, vilde du vel sige: “Det er pene børn.” Og naar du faar vide, at det er børnene paa Askvinkæs barnehjem, vil du vel helst sige: “Kan dette være omstreiferbørn? Ser de saaledes ud?” Ja, netop saaledes ser de ud. Det er en flok af dem, kjærligheden har draget op af den elendighed, der fra fødselen var beredt dem. Det er en frugt af den kristelige kjærlighet, og ikke sandt, det er en skjøn og velsignelsesrig frugt. ... Alt fra fødselen af maatte moderen bære dem paa sin ryg. Og da de blev saa store, at de kunde gaa, fulgte de hende paa landeveien og blev oplært til livet derude. Gjør det ikke et underligt indtryk at se søstrene omringet af en velklædt og straalende barneflok af saadanne smaa?<sup>93</sup>

Desse pene og strålande ungane har gjennom den kristne kjærleiken blitt dratt opp frå elenda og fått moglegheita til å utvikla seg til skjønne og velsigningsrike frukter, og nå kan ein knapt

---

<sup>90</sup> Clark, Colin. “‘Severity has often enraged but never subdued a gipsy’: The History and Making of European Romani Stereotypes”. I *The Role of the Romanies*, redigert av Nicholas Saul og Susan Tebbutt, 226–246. Liverpool: Liverpool University Press, 2004, 235–236.

<sup>91</sup> Helle, Inger Marie. *Organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse i lys av Eilert Sundt og Friedrich von Bodelschwingh. Et idéhistorisk bidrag til taterforskningen*. Hovudfagsoppgåve i idéhistorie, Universitetet i Oslo. 2004, 25.

<sup>92</sup> Brandal, Nik., Cora Alexa Døving og Ingvill Thorson Plesner. “Hvor like må vi være?: Gamle minoriteter i det nye Norge”. I *Nasjonale minoriteter og urfolk i norsk politikk fra 1900 til 2016*, redigert av Nik. Brandal, Cora Alexa Døving og Ingvill Thorson Plesner, 13–27. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2016, 18.

<sup>93</sup> Wang, L. “Kjender du disse?” *Fra landeveien* 6, no. 2 (Februar 1903): 5–6, 5.

tru at dei er “omstreiferbørn”. Frukt kan i overført tyding bety gode resultat,<sup>94</sup> og det gode resultatet ein siktar til blir skildra seinare i teksten: “Det arbeide, der er optaget paa barnehjemmene, vil ganske sikkert bidrage til at gjøre disse børn til gode og nyttige borgere af samfundet.”<sup>95</sup> Denne omskapinga blir igjen skildra som frukt i eit dikt frå 1909, der ungane i barneheimane er blomar som seinare vil bli frukt:

Vi med tak tar mot den store gave  
lover verne, pleie, lære dem;  
blomster er de i Guds store have;  
der til ædel frukt de spirer frem.<sup>96</sup>

Det veks ikkje frukt i øydemarka eller i det solfattige villniset, men ungane som har fått den rette oppsedinga og røkta av Misjonen og blitt trygt planta i Guds hage kan med tida bli omskapte frå spirer til blomar og frukt, frå “omstreiferbørn” til nyttige borgarar.

### “The policing of families” og barneredningens epoke

Misjonen var ikkje aleine i samtida om å ta ungane “frå landevegen” og forma dei til å bli ein del av storsamfunnet. Førestillinga om ungane som framtida til samfunnet leia til at ein i borgarlege miljø ynska å disciplinera ungar som eit middel for å garantera sosial orden og å utdanna ungane til å bli gode borgarar, og utover 1800-talet blei det grunnlagt stadig fleire religiøse, frivillige og statlege organisasjonar som arbeida med ungar og retta seg spesielt mot fattige og minoritetar.<sup>97</sup> Denne førestillinga om ungane som framtida innebar at om ein sørga for at ungane fekk rett oppseding i dag kunne ein møta ein lysande framtid, mens om ein mislykkast kunne ein venta seg katastrofe. Ungane som framtida leia både til at ungane blei sett på som framtidige borgarar det var verdt å bruka tid og pengar på, men samtidig var dei potensielle tikkande bomber.<sup>98</sup>

Ein konsekvens av desse idéane var at det mot slutten av 1800-talet utvikla seg nye vitskapsgreinar knytte til barndom, der barndomsspesialistar identifiserte kva for nokon behov ungane hadde for omsorg, disiplin og utdanning.<sup>99</sup> Kunnskapen frå barndomsspesialistane blei tatt i bruk av dei ulike organisasjonane som arbeida med ungar, og som fylgde opp dei og

---

<sup>94</sup> Det norske akademiske ordbok, s.v. “frukt” 7.9.2022. <https://naob.no/ordbok/frukt>

<sup>95</sup> Wang, “Kjender du disse?”, 6.

<sup>96</sup> Anon., ”Prolog ved aftenunderholdningen i Stenkjær til indtægt for omstreifersaken den 11te februar 1909” *Fra landeveien* 12, no. 6 (Juni 1909): 21–22, 21.

<sup>97</sup> Woodhead, Martin. “Child Development and the Development of Childhood”. I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 46–61. London: Palgrave Macmillan, 2009, 47-48.

<sup>98</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 178-179.

<sup>99</sup> Woodhead, “Child Development”, 47-48.

familiane gjennom heimebesøk, vitskapelege studiar, pengestøtte og politikontroll. Desse tiltaka blir sett på som del av ein trend i samtida, “the policing of families”.<sup>100</sup>

Denne aukande kontrollen frå myndigheter og ulike organisasjonar over familien og ungane var likevel ikkje motivert av eit ynske om sosial orden aleine, men òg av eit ideal om at alle ungar skulle få ein god barndom. Åra frå 1830 til 1920 blir såleis kalla barneredningens epoke. I denne perioden arbeida ulike filantropiske organisasjonar spesielt med å grunnlegga og drifta barneheimar og skolar for marginaliserte ungar. Forutan å sikra sosial orden og eit betre samfunn gjennom desse tiltaka, var barndommen målet – og dét fordi ein såg på ein barndom som ein verdi i seg sjølv, og ikkje nødvendigvis berre som ei moglegheit til å redda unganes sjel eller skaffa framtidig arbeidskraft.<sup>101</sup> I Misjonen og andre likesinna organisasjonar i samtida ynska ein å skapa “den gode barndommen”, som var til unganes beste både i samtida og framtida.<sup>102</sup> Men kva var så ein god barndom, og korleis var barndommen til ungane desse organisasjonane retta seg mot i strid med dette idealet?

Det har alltid eksistert ungar, men omgrep som “den gode barndommen” og i det heile “barndom” blir rekna som nyare fenomen. Tidlegare var liva til dei vaksne og ungane i vestlege land uskiljande i hushaldninga, der ungane åt, arbeida og sov med dei vaksne. Ungane jobba og tok del i vaksenlivet, som var “livet”, og romantikkens idéar om at ungar treng sin eigen spesielle stad og tid til å leika og leva sine eigne barndomsliv var både utenkelege og upraktiske for dei fleste. Idealet om at kvar unge skal ha ein barndom var ein aspirasjon som i vestlege land fyrst spreidde seg frå dei øvre samfunnslaga til allmenta utover 1900-talet. Fleire familiar hadde like fullt verken moglegheit eller lyst til å møta imperativa til mellomklassens normer om barndom.<sup>103</sup> Innanfor organisasjonane som arbeida med ungar, som oftast bestod av menneske frå middel- og overklassen, blei ein stadig sjokkerte over avstanden mellom kva ideal dei hadde om barndom og kva dei observerte blant menneska dei ville hjelpe. Her fann dei ungar utan ein barndom.<sup>104</sup>

Spesielt det reisande livet stod i sterkt kontrast til samtidas barndomsideal, der ungane drog med foreldra, gjerne i større fylgjer med slekt og vennar, frå stad til stad og tok del i livet til dei vaksne på ein annan måte enn kva dei ville gjort på eit barnerom i ein

---

<sup>100</sup> Bühler-Niederberger, Doris og Heinz Sünker. “Interests in and Responsibility for Children and Their Life-Worlds”. I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 394–407. London: Palgrave Macmillan, 2009, 394-396.

<sup>101</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 137-139.

<sup>102</sup> Pettersen, “For barnas skyld?”, 74.

<sup>103</sup> Gillis, John. “Transitions to Modernity”. I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 114–126. London: Palgrave Macmillan, 2009, s. 114-115 og 118-119; Woodhead, “Child Development”, 47-48.

<sup>104</sup> Cunningham, *Children and Childhood*, 139.

middelklasserheim med kjernefamilien. I *Fra landeveien* finn ein fleire skildringar av korleis ein førestilte seg livet til ungane på vegen, og det var dystert. Her er ei framstilling frå bladets fyrste årgang:

Giv, hvad du kan og vær med at reise hjem for de stakkels smaa hjemløse børn, der har frosset, naar du havde det varmt, har sultet, naar du spiste dig mæt, har grædt, naar du lo og var glad, har trasket paa landeveien, naar du hegdede og fredede om dine børn, har manglet den undervisning, dine smaa fik og fremforalt intet har faaet høre om ham, der elsker de smaa og saa gjerne vil lægge sine hænder velsignede paa dem og være deres Frelser ...<sup>105</sup>

Det blir trekt fram at livet på landevegen er fysisk krevjande, utan mat og varme. Ungane får dessutan ikkje skoleundervising som ungar flest, og dei får heller ikkje høyra om Jesus. Dei blir ikkje “hegdede og fredede om” som andre ungar. I sitatet blir den gode barndommen i heimane til lesarane kontrastert mot den vonde barndommen på vegen, og målet er å få ungane langs vegen i hus gjennom å reisa heimar for dei. Fyrst der kunne dei få det Misjonen rekna som ein god barndom. Å dyrka fram ungane frå lovande spirer til rota frukt i nasjonen dreidde seg altså ikkje berre om å forma ungane etter kva ein meinte var best for storsamfunnet, men òg om å skapa dei liva for ungane som ein meinte var best for dei. På sida av samtidige nasjonalistiske ideal om ein nasjon med eitt levesett og ynske om disiplinerte og nyttige borgarar, var altså denne filantropiske bølga og relativt nye opptattheita av barndom både ein føresetnad for og ein drivkraft bak Misjonens arbeid med ungar. Mellom desse idéstraumane blir ungane både uskyldige ofre som må reddast frå eit hardt liv langs landevegen og, om ein ikkje grip tak i dei i tide og får forma dei om til gode borgarar, ein potensiell trussel mot samfunnsordenen.

Gjennom å trekka på kunnskap frå eigne studiar og eige arbeid opptrødde Misjonen som ein sjølvbevisst ekspertinstans overfor offentlegheita og myndigheiter når det kom til “omstreifarane”, spesielt ungane.<sup>106</sup> Dei la premissa for politikken på området, og gjennom eit privat-offentleg samarbeid fekk dei både finansiering av det offentlege og mandat til å utføra arbeidet sitt. Dei gjennomførte heimebesøk og hadde eit tett samarbeid med verjeråd og politi, og fylgte nøye opp ungar og familiar, både i tida dei var i barneheimar og arbeidsleir og gjennom tilsyn før og etter.<sup>107</sup> Dette arbeidet kan ein forstå som eit av fleire samtidige nasjonale assimileringsprosjekt i Europa, der ein gjennom ein kulturell omskolering skulle skape avvikalar om til borgarar. Omskoleringa tok som regel misjonsorganisasjonar seg av.<sup>108</sup>

---

<sup>105</sup> Anon., “Askviknæs barnehjem” *Fra landeveien* 2, no. 1 (Januar 1899): 2–4, 4.

<sup>106</sup> Pettersen, Karen-Sofie. *En kvalitativ studie av tiltak rettet mot barn av tatere i perioden 1914–1986*.

Hovudoppgåve i sosiologi, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. 1997, 69.

<sup>107</sup> NOU 2015: 7, 49-51 og 53-59.

<sup>108</sup> Clark, ““Severity has often enraged but never subdued a gipsy”, 236.

Eg vil dessutan hevda at ein kan sjå rolla Misjonen tok i møte med myndigheitene, ungane og familiane i lys av barneredningens epoke og den aukande kontrollen over familien, der Misjonen opptrødde som barndomsspesialistar. Misjonen var både barndomsspesialistar som produserte kunnskap om gruppa dei arbeida med, og organisasjonen som utførte arbeidet i tråd med nemnde funn. Det er gjennom brillene til den kunnskapsrike barndomsspesialisten dei skisserar nasjonen som ein velstelt hage, ungane som lovande spirer og seg sjølv som iherdige gartnarar. Det blir dei som sit på innsikta og evnene som trengst for å forma ungane på best mogleg måte; der oppsedinga i regi av Misjonen vil gi ungane moglegheita til å bli gode borgarar, moden frukt, vil oppsedinga frå foreldra leia til at ungane hamnar på sida av samfunnet som ugras, villnis og aude.

### 3. Arv og miljø: “Der kan komme en uveirsdag”

Fram til nå i oppgåva har me sett korleis oppseding blei rekna som ein viktig faktor for korleis ungane blei som vaksne, at Misjonen såg seg sjølv om den riktige oppsedaren for ungane og at dei gjennom å skapa den gode barndommen for ungane kunne forma dei om frå “omstreifarar” til bufaste. Dette er ei forteljing om ungane og Misjonen som ein kan lesa ut av materialet, men det finst fleire. Der me til nå har belyst potensialet ein såg i ungane, vil me nå sjå nærmare på dei forskjellige farane Misjonen ana på vegen deiras frå ungar til vaksne. I vårnummeret frå 1911 blir desse farane skildra på fylgjande måte:

Og vi fryder os ved at se det nye, spirende liv. Der kan komme en uveirsdag. Det vet vi. Og den kan ødelægge saa meget. Den kan bringe kulde og frost med sig. Men trods alt er dog vaaren den lyse tid.<sup>109</sup>

Dei lovande spirene kan bli øydelagde av ein uvêrsdag som bringar med seg kulde og frost. Den lovande utviklinga til ungane kan på same måte bli stogga, men kva for nokon truslar var det Misjonen frykta? Det skriv ein ikkje noko meir om i vårnummeret utover frykta for uvêrsdagen, men det er eit sentralt tema som går igjen i andre delar av materialet.

I det andre kapittelet såg me nærmare på tankegods i *Fra landeveien* knytt til oppseding og trua på unganes forandrande kraft. Dette er eit syn som ligg til grunn for arbeidet til Misjonen i perioden, men ein kan finna fleire andre meir eller mindre overlappande haldningars til ungane i bladet. Ei spenning frå den optimistiske forteljinga frå andrekapittelet om at den rette oppsedinga vil leia til ynska resultat, kan ein merka seg i nettopp ein av artiklane eg viser til i diskusjonen om oppseding i andre kapittel, der forfattaren C. avsluttar utgreiinga om luking i villniset med fylgjande ord: “Mere end for andre barn ellers tror jeg her er nødvendig en stadig overvaaken og syselsættelse.”<sup>110</sup> Det var nødvendig å stadig overvaka ungane og halda dei i arbeid for å oppnå ynska resultat, og det ein kan bita seg merke i her er korleis denne nødvendigheita skil desse ungane frå andre ungar. Det er ein fare for at dei utan kontinuerleg oppsyn kan utvikla seg i uynskte retningar, og denne trusselen er truleg sterkare til stades blant dei enn blant andre ungar.

I dette kapittelet vil eg visa at allereie frå stiftinga av Misjonen låg det til grunn ein idé om at ungane til “omstreifarane” var annleis enn andre ungar, og at dei derfor hadde andre behov og utfordringar i oppsedinga. På kva for ein måte dei var annleis og korleis ein skulle takla denne annleisheita kan ein finna ulike og til tider motstridande meininger om i *Fra landeveien*. Eg meiner at denne annleisheita ved ungane og farane ein tenkte ho kunne føra

---

<sup>109</sup> Anon., “Vaar over landet.”, 18.

<sup>110</sup> C., “For barnas skyld!”, 52.

med seg er den største trusselen mot arbeidet som blir teikna opp i bladet, og ho vil vera fokuset i dette kapittelet med vekt på korleis dei ulike syna forheld seg til spørsmål om arv og miljø. I dette kapittelet vil nokon av desse synspunkta på annleisheit bli lyfta fram med mål om å få fram noko av fleirstemmigheita og den tidvise tvila i organisasjonen som kjem til uttrykk i *Fra landeveien*, med vekt på bruken av ulike språklege bilde for ungane og farane dei kunne møta på. Det sentrale spørsmålet i kapittelet vil vera: Kva for nokon utfordringar ved omskapinga av ungane skildrar ein i *Fra landeveien*, og korleis blir desse utfordringane forstått ut frå samtidige diskusjonar knytte til arv og miljø?

### Arvelege tilbøyeligheter

Som nemnd ovanfor, så var førestillinga om at ungar av “omstreifarane” var annleis enn andre ungar til stades frå Misjonens byrjing. Då Walnum først lanserte visjonane for arbeidet sitt med “omstreifarane” i eit debattinnlegg i Morgenbladet i 1893, så stod det klart for han at Misjonen skulle skapa barneheimar spesielt innretta for desse ungane. Ifylgje Walnum hadde ein ved barneheimane Toftes gave i Oslo og Hans Cappelens Minde i Skien forsøkt å ta opp “taterbørn” saman med andre ungar, noko som hadde blitt mislykka:

De Erfaringer, der hidtil er gjorte, gaar altsaa ud paa, at Taterbørnene ikke kan anbringes i de almindelige Børnehjem, da Sammenblandingen af disse Børn med de andre ikke er gavnlig paa Grund af de særegne Tilbøieligheder, disse Børn har.<sup>111</sup>

Ungane av “omstreifarane” hadde altså nokon “særegne Tilbøieligheder“, og oppsedinga av dei måtte derfor “tage Sigte paa de Tilbøieligheder, disse Børn har og fra først til sidst anlægges paa Bekjæmpelsen af disse”. Walnum meinte at det ikkje ville vera mogleg å gi ungane denne oppsedinga i ein alminneleg barneheim med andre ungar, men i “et Børnehjem, udelukkende for Taterbørn”.<sup>112</sup> Dette kjem òg fram i ein tekst frå 1900 i *Fra landeveien*, der ein understreker at ungane “med deres medfødte tilbøieligheder passer ikke i vore almindelige barnehjem.”<sup>113</sup> Merk at her blir tilbøyelighetene ikkje karakteriserte som særeigne, men medfødde. Desse såkalla tilbøyelighetene blir òg tatt opp i ein tekst frå 1901, der det igjen blir understreka at dei er medfødde og ein får meir innsikt i kva som blir lagt i omgrepet:

Hvor opdragelsen derimod stiller krav ud over det almindelige, bør barnehjem foretrækkes.  
Og da dette er tilfældet med omstreiferbørnene, har vi valgt barnehjem som det, der for dem passer bedst.  
Det heder overalt, at vandrelysten ligger omstreiferne i blodet. Det gjelder desværre ikke blot vandrelisten, men også andre tilbøieligheder. De er dem medfødte.<sup>114</sup>

---

<sup>111</sup> Walnum, Jakob. “Tatersagen” *Morgenbladet* 16.09.1893.

<sup>112</sup> Walnum, “Tatersagen”.

<sup>113</sup> E. W. G. “Fra Kragerø” *Fra landeveien* 3, no. 11 (November 1900): 42–44, 44.

<sup>114</sup> Anon., “Barnehjem eller pleiehjem?” *Fra landeveien* 4, no. 3 (Mars 1901): 9–12, 11.

Der ein i dei to andre tekstane ikkje går nærmare inn på nøyaktig kva for ein oppførsel ungane tenderar mot i tråd med desse tilbøyelighetene, kjem det her fram at ei av dei er ei vandrelyst som ligg i blodet. Denne lysta er òg skildra i Morgenbladet-innlegget, men då ikkje i ein framstilling av ungane spesielt, men av “omstreifarar” generelt. Walnum kjem inn på vandrelysta i innlegget då han kritiserer Sundt for å ha sentrert arbeidet sitt rundt dei vaksne. Walnum meiner at Sundt arbeida ut frå ei forventning om at så snart dei vaksne blei bufaste, så ville ungane fylgja etter “af sig selv”. Dette stemplar han som “en Umulighed”, for:

Lysten til Omstreiferlivet er ikke noget, der utslettes i en Generation. Som det er opelsket i mange Generationer, saa vil der ogsaa Slægters Arbeide for at vinde Bugt med det. Det ligger i Omstreifernes Natur, det ligger i Blodet, de kan ligesom ikke andet, Lysten er dem medfødt. Følgen blev derfor ogsaa et Tilbageslag, en Skuffelse, for hvilken Eilert Sundt selv blev et offer ...<sup>115</sup>

Arbeidet til Sundt blei altså mislykka sidan han overså eller undervurderte den medfødde vandrelysta. Vandrelysta ligg ifylgje Walnum i blodet og har blitt oppelska av “omstreifarane” gjennom generasjonar, og det er ho som gjer at dei ikkje kan anna enn å reisa. Walnum hevdar at vandrelysta er ein del av naturen til “omstreifarane”, og derfor kan ho ikkje bli utsletta i løpet av ein generasjon; men det kan likevel vera mogleg viss fleire slektsledd arbeider mot det over lengre tid. I samtid var det ei utbreidd førestilling at “omstreifarane” blei fødde med ein vandingstrong,<sup>116</sup> som blei omtalt som vandrelyst og sett på som ein del av fantenaturen. Andre karakterdrag ein tilla den såkalla fantenaturen var eit oppfarande temperament, lite eller fråverande arbeidslyst og ei utprega rastløyse.<sup>117</sup> Natur betyr i overført tyding ein medfødd og ibuande eigenskap, og fantenaturen var dei eigenskapane ein meinte “omstreifarane” og ungane deira var fødde med og som var til stades i dei gjennom livet.

Vektlegginga av særegne tilbøyeligheter, fantenatur og vandingstrong for å forklara livsførselen til “omstreifarane” heller enn å sjå til praktiske forhold som livsvilkåra deira i møte med storsamfunnet, tydar på ei essensialistisk forståing av verda, der det heller er nedarva eigenskapar i menneske som forklarar levemåten deira enn ytre samfunnsforhold. Essensen, her fantenaturen, er i eit essensialistisk verdsbilde noko som bur i eit menneske og som ein ikkje kan sjå, men som står bak dei synlege attributta ein meiner er typiske for menneske med gitt essens. Essensen går i arv frå generasjon til generasjon, og ei typisk førestilling er at han blir spreidd med og bur i blodet. Trua på at essensen er nedarva og held til i sjølve blodet bidrar til at han blir sett på som noko uforanderleg.<sup>118</sup> I tidsrommet oppgåva

<sup>115</sup> Walnum, “Tatersagen”.

<sup>116</sup> Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 27-28.

<sup>117</sup> Gotaas, *Taterne*, 236.

<sup>118</sup> Smith, David Livingstone. *Less than Human: Why we demean, enslave, and exterminate others*. New York: St Martin’s Press, 2011, 160 og 179.

famnar hadde det allereie blitt avskrive fleire tiår tidlegare at blod var ein overfører av arvelege eigenskapar,<sup>119</sup> men det var først gradvis utover 1900-talet at denne nye kunnskapen blei allment akseptert. Innanfor tradisjonelle, folkelege oppfatningar av blod var det ennå beraren av arven frå foreldra, og derfor var koplinga “blod er arv” ein konvensjonell måte å forstå og snakka om arv.<sup>120</sup>

I tekstane ovanfor om å plassera ungane i spesielle barneheimar, kjem nettopp det særeigne blodet til “omstreifarane” med nedarva vandrelyst fram som eit uttrykk for annleisheita ved dei. Essensen i ungane, her vandrelysta, er ei skjult og nedarva tilbøyelighet som berre venter på å bryta ut i samsvar med naturen til ungane. I tråd med bildet frå det andre kapittelet av ungane som spirer, kunne ein planta om ungane for å garantera ynska vekst. Denne omskapinga blir meir samansett om ungane, spirene, har ein latent essens, vandrelysta, i seg. I eit essensialistisk verdsbilde er det primært indre forhold som bidrar til at ungane utviklar seg i ein gitt retning, og ytre forhold blir mindre viktige. Ein kan endra unganes ytre oppsedningsvilkår, men å forandra indre drifter og arvelege anlegg er meir komplekst. Dette gjer at omskapinga blir langt meir utfordrande for oppsedarane enn det kan framstå som i det andre kapittelet. I Morgenbladet-innlegget understreka Walnum at omskapinga var mogleg trass alt, men framheva at arbeidet med å overvinna dei nedarva eigenskapane vil ta generasjonar; ein må bearbeida fleire slektsledd med “omstreifarar” før ein eventuelt får bukt med fantenaturen.

### Vandrelyst i blodet og “den evige jøde”

Ein fare mot arbeidet med ungane som ein kan lesa ut av *Fra landeveien*, er nettopp denne trua på ein slumrande og stri fantenatur; for om ungane er fødde med ei sterk og næraast uforanderleg dragning mot det reisande livet, er det då mogleg å forandra dei? Og er arbeidet til Misjonen i så fall eigentleg forgjeves? Om Misjonen, myndighetene eller andre hadde gripe inn i livet til ungane av “omstreifarane” og lagt til rette for det dei meinte var ei korrekt oppseding, og ungane likevel vaks opp til å bli reisande vaksne, så skylda ein det ofte i samtidia på den ubestemmelege fantenaturen.<sup>121</sup> På den eine sida plasserte dette ansvaret for den, sett i storsamfunnets auge, mislykka oppsedinga hos ungen sjølv, og frigjorde dermed oppsedarane frå skyld. På den andre sida kunne denne forklaringa leia til eit deterministisk syn på ungane, der dei næraast uansett kva ein gjorde slo inn på eit reisande liv dei var

<sup>119</sup> Hessen, Dag O. og Tore Lie. *Gener: en forskningsreise*. Oslo: Spartacus, 2011, 55-56.

<sup>120</sup> Musolff, Andreas. “What role do metaphors play in racial prejudice? The function of antisemitic imagery in Hitler’s *Mein Kampf*” *Patterns of Prejudice* 41, no. 1 (2007): 21–43, 38.

<sup>121</sup> Giertsen, Hedda. “Den norske kirke og de reisende” *Kirke og kultur* 103, no. 4 (1998): 305-325, 316.

forutbestemt å leva. Dette siste kunne leia til at ein ikkje såg noko poeng i å forsøka å forandra ungane, då det blei stempla som nyttelaust arbeid; i så fall blei òg Misjonens arbeid meiningslaust. Denne meiningsløysa måtte ein kjempa mot, og det gjer ein i ulike tekstar i *Fra landeveien*, m. a. i ei forteljing frå 1908 som heiter “Omstreiferpigen”.

Ei ung jente, Laura, søker teneste, og i møte med ei som leiter etter pike, Fru Lampe, gir ho eit godt inntrykk. Fru Lampe vil likevel forhøyra seg i syforeininga om familien til Laura, og på møte hos prestefrua kjem det fram at slekta til Laura er “omstreiferfolk”. Fru Lampe blir straks skeptisk, men dei andre forsøker å overtala ho ved å visa til at mora har vore bufast i fleire år og treng pengane. Når dette ikkje bit på Fru Lampe, stiller dei spørsmål ved korleis det skal gå med “omstreifarane” som vil bli bufaste om ikkje “bra folk” vil ha noko med dei å gjera. Når heller ikkje det går inn på ho, trekk dei fram hennar engasjement i ei foreining for “omstreiferbarna”. Forsøka til dei andre kvinnene var likevel fånyttes, for dagen etter får Laura avslag. Ho kjem gråtande heim, og fortel at ho har gitt opp og vil reisa med “omstreifere”: “Der er jeg god nok –; her er de slemme mod mig, hvordan jeg saa steller mig!” Fire år seinare er det på nytt treff i foreininga, og Laura blir igjen eit tema; ho har nyleg døydd altfor ung av tæring, utslitt etter harde år langs landevegen. I ein samtale mellom Fru Lampe og presten kjem dei inn på korleis Laura enda der:

Fru Lampe hadde røde pletter i kinderne. “Det ligger i blodet, ser De. Lysten til at flakke om, mener jeg.” [Presten:] “Det er mulig, at De har ret. Men jeg tror det neppe i dette tilfælde. Det er min sikre tro, at havde Laura fundet lidt velvilje, da hun trengte den – havde der aabnet sig et godt hjem for hende i de aar, hun saa ihærdig søgte tjeneste her i byen, da havde vi havt hende frisk og glad i blant os nu.”<sup>122</sup>

Forklaringa om ei vandrelyst i blodet som grunnen til at ungar blir “omstreifarar” som foreldra blir ikkje heilt avfeia i teksten, men ho blir sett på som ei av fleire moglege forklaringar, og i tilfellet med Laura blir ho ikkje rekna som den vesentlege. Den viktigaste årsaka til at Laura drog var at ho ikkje fekk arbeid, og grunnen til at ho ikkje fekk det var fordommane til Fru Lampe. Fru Lampe fortolkar så reisinga til Laura gjennom dei same fordommane, og skaper forteljinga om Laura om til eit typisk eksempel på uovervinneleg fantenatur. Forklaringa til presten vektlegg derimot praktiske og foranderlege forhold rundt Laura, og ho blir dermed heller ei forteljing om korleis fordommar mot “omstreifarar” hindrar ungane i å ta del i samfunnet og bli bufaste.

Spørsmåla om arbeidet nyttar og om kva som er årsaka til at lovande ungar endar opp med å reisa blir òg tatt opp i teksten “Hvorledes behandler vi dem?” frå 1913:

Det har ikke saa sjeldan hændt før i tidens løp, at omstreiferbarn som hadde faat en god opdragelse, “strøk avgårde” efter konfirmationen, m. a. o. naar de blev sine egne herrer. Og straks het det: “Der ser I, de har

---

<sup>122</sup> Bymissionären. “Omstreiferpigen” *Fra landeveien* 11, no. 2–3 (Februar–mars 1908): 10–13, 10-13.

det i blodet fra fødselen av, at de maa reise.” Ja – det kan se slik ut. Men jeg tror allikevel, at det i de fleste tilfælder er folks uvenlige og kjærlighetsløse behandling som er aarsak.<sup>123</sup>

Som i forteljinga om Laura blir ikkje vandrelysta i blodet avfeia som ei forklaring i teksten, men ho blir ikkje sett på som den sentrale årsaka til korfor ungane drar; det er uvennlegheita frå menneska i lokalsamfunnet som jagar ungane vidare. Teksten sluttar med ei forteljing om ein gut hos pleieforeldre som blei plaga i bygda og som då han var konfirmert drog av garde; dette forklarte bygdefolket med at “han hadde det i blodet, han maatte avsted.” Forfattaren føyar så til: “Jeg tror, at de fleste som ‘stryker avgårde igjen’ har en lignende ulykkelig opvekst at se tilbake paa. Og hvis er saa skylden?”<sup>124</sup> Det retoriske spørsmålet legg ansvaret for dei reisande unge på omgivnadane, ikkje ein kraft i blodet.

Det er likevel ikkje sånn at vandrelysta blir heilt avvist i desse to tekstane. Som sagt blir ho avfeia som ei hovudforklaring, men ho finst like fullt. I forteljinga om Laura diskuterer ikkje figurane kva dei legg i omgrepene, men i “Hvorledes behandler vi dem?” blir vandrelysta drøfta nærmare:

Først maa den indrømmelse gjøres, at selvfølgelig har omstreiferne “reiselyst i blodet”. Guds ord taler om “fædres ondskap paa børn”, og i de saakaldte “arvelighetslove” har videnskapen bragt paa det rene, at hvor forældre har ligget under for en eller anden last, f.eks. drik eller usædelighet, der har barna let for at faa anlæg til den samme last. Det er derfor rimelig, at omstreiferne, som i generationer har reist omkring uten fast bosted har “reiselysten i blodet”.<sup>125</sup>

Her viser forfattaren til to autoritetar som underbygger teorien om ei vandrelyst i blodet, Bibelen og naturvitenskapane. Bibelstaden hen refererer til er 2 Mos 20,5, som handlar om konsekvensane som rammar ein om ein tilber avgudar. Ungar skal ifylgje bibelverset bli straffa i fleire slektsledd for syndene til fedrane sine, og dette bodskapet blir sett i samanheng med arvelegheitslovene.

Arvelegheitslovene viser opphavleg til Mendels lover. Dei blei først anerkjente i 1900, og teoriane hans om korleis bestemte eigenskapar overførast frå ein generasjon til neste la grunnlaget for nye fagfelt i samtida, blant dei arvehygiene.<sup>126</sup> Då teksten blei skrive i 1913 var det allment akseptert, òg i Noreg, at den moderne sivilisasjonen, med sosialreformer og human rettspleie, hadde øydelagt for det tidlegare naturlege utvalet gjennom å mogleggjera at òg dei som var genetisk uskikka kunne formeira seg. Dermed fekk menneske med slette eigenskapar føra arva si vidare, og dei fekk dessutan fleire ungar enn menneske med gode arvestoff. Ein gjekk ut frå at ulike “forbrytaranlegg”, som alkoholisme og usedelelegheit, gjekk

---

<sup>123</sup> E. O., “Hvorledes behandler vi dem?”, 46.

<sup>124</sup> E. O., “Hvorledes behandler vi dem?”, 46.

<sup>125</sup> E. O., “Hvorledes behandler vi dem?”, 45-46.

<sup>126</sup> Hessen og Lie, *Gener*, 59-60 og 110-113.

i arv, og arv blei ei av dei mest innverknadsrike forklaringane på forbrytarar og avvikande åferd. Arvehygiene gjekk ut på å fjerne desse uynska arveanlegga frå befolkninga med mål om å betra samfunnshygienen. Dette skulle skje gjennom å lækja, nøytralisera, uskadeleggjera eller fjerna menneske med uynska arveanlegg.<sup>127</sup> Forfattaren i “Hvorledes behandler vi dem?” ser vandrelysta i lys av samtidas vitskapelege diskusjonar om arv og meiner vandrelysta til “omstreifarane”, på sida av “drik” og “usædelighet”, er ei av desse uynska arvelege eigenskapane.

Spor frå samtidige diskusjonar om arvehygiene kjem òg fram i teksten ‘Nyt folk’ fra 1912, der familiar på Svanviken arbeidskoloni blir samanlikna med “en sokblaut myr” som gjennom Misjonens arbeid blir skapt om til “grøderik aaker og eng”. Her ser me igjen plantemetaforane frå det andre kapittelet i bruk, men noko av det nye her er at myrtilstanden til “omstreifarane” blir skildra med arvehygieniske termar:

Synd og last holder paa at fortære dem. Saaledes træder forskjellige degenerasjonsmerker frem som sindsygdom, barnedødelighet og fortidlig avbrutt svangerskap hos kvinner.<sup>128</sup>

I sitatet bruker ein omgrepet degenerasjonsmerke, som viser til konseptet degenerasjon. Det kjem frå arvehygienen og viser til forverringa av arvematerialet som kom av at uskikka menneske fekk moglegheita til å formeira seg i det moderne samfunnet.<sup>129</sup> Degenerasjonslæra var motstykket til utviklingslæra, der den biologiske evolusjonen stadig bevega seg framover mot meir forfina og kompliserte formar; degenerasjonen gjekk motsett veg, der kvar nye generasjon var berar av stadig därlegare eigenskapar. Avvika frå normalen gjekk i arv og blei forsterka gjennom generasjonar, noko som etter kvart ville gjera at dei auka i omfang og trua sjølve menneskerasen. I siste stadium av degenerasjonen ville ein mista evna til å reprodusera seg, og mennesket ville då stå i fare for å døy ut.<sup>130</sup> I teksten viser forfattaren til at “omstreifarane” ber preg av forskjellige lytar som kjem av nemnde degenerasjon, som sinnsjukdom, høg barnedødelegheit og for tidleg avbrotn svangerskap.

Den samtidige foreininga av nasjonalisme og sosialteknekratisk arvehygiene kjem òg fram i teksten. Gjennom arbeidet til Misjonen skal “omstreifarane” bli omskapte frå nyttelaus myr til grøderik åker, dei skal bli “et nyt folk paa vei ind i vort samfund”. Der dei “før bare

---

<sup>127</sup> Schaanning, Espen. *Kampen om den forbryterske sjel: Kriminal-filosofiske vitenstrekk*. Oslo: Akademika forlag, 2013, 43-45; Dahl, Hans Fredrik. *De store ideologienes tid*, bind 5 av *Norsk idéhistorie*, redigert av Trond Berg Eriksen og Øystein Sørensen. Oslo: Aschehoug, 2001, 201-202.

<sup>128</sup> S. F. “Nyt folk” *Paa hjemveien* 14, no. 1–2 (Januar–februar 1912): 2–3, 2.

<sup>129</sup> Roll-Hansen, Nils. “Den norske debatten om rasehygiene”. *Historisk tidsskrift* 59, no. 3 (1980): 259–283, 259.

<sup>130</sup> Schaanning, *Kampen om den forbryterske sjel*, 43-44.

tærer paa det arbeidende folk, begynder de nu selv at indvinde arbeidskapital.”<sup>131</sup> Språket og målet i teksten er i tråd med ovannemnde miks av nasjonalisme og arvehygiene, der ein brukte metaforar frå landbruket for å skildra idealet om eit moderne, produktivt fellesskap av sunne individ tilpassa den moderne industristatens krav til effektivitet og avkasting.<sup>132</sup> I denne mønsterstaten ynska ein seg gode og sunne borgarar, som vil seia produktive borgarar; dette idealet stod i kontrast til “omstreifarane”, som blei stempla som drikkfeldige og snyltarar på andres arbeid.

Det er likevel sånn at sjølv om ein finn igjen tankegods frå arvehygienen i *Fra landeveien*, så blir han nedtona i same augeblink som han blir framheva; som vandrelysta blir anerkjent i teksten “Hvorledes behandler vi dem?” og samtidig avfeia som ei sentral utfordring for arbeidet, så blir degenerasjonsmerka i “Nyt folk” trekt fram ikkje for å framheva at “omstreifarane” er eit folk fanga i eit stadig forfall, men for å understreka korfor Misjonens arbeid med å redda desse menneska er viktig: “Det liv omstreiferne lever er at ligne med den vaate gagnløse myren. Men ved arbeidet i barnehjemmene og i kolonierne skal der ske en nyskapelse.”<sup>133</sup> Ved hjelp av Misjonen er ikkje myrtilstanden uforanderleg, noko som kan minna om optimismen ein finn igjen i plantemetaforane i det andre kapittelet.

Ein autoritet forfattaren viste til i “Hvorledes behandler vi dem?” var altså arvehygienen, men den andre, som var vel så viktig, var bibelordet om korleis syndene til fedrane går i arv gjennom fleire slektsledd. Dette er òg eit poeng som går igjen i *Fra landeveien* for å forklara kor vandrelysta kjem frå, der ein då ofte skildrar ei synd som forfylgjar etterkommarane i form av ei forbanning, altså vandrelysta. Eit typisk trekk då er å setta skjebnen til “omstreifarane” i samanheng med førestillinga om “den evige jøden”.

Parallelen til “den evige jøde” blir trekt i eit dikt frå 1906:

De minder om sagnets evige jøde,  
som irrer rundt jorden, nedtynget af brøde  
og søger forløsning, men ei den finder,  
før angerstaaren ved korset rinder.<sup>134</sup>

Vidare framhevar ein i diktet at “den evige jøde” og “omstreifarane” har den “flakkende, rastløse ånd” til felles.<sup>135</sup> Det var ikkje berre i *Fra landeveien* ein trekte desse parallellane; det var ei utbreidd førestilling i samtida at romanifolket/taterane og rom/siggynarane i likskap

---

<sup>131</sup> S. F., “Nyt folk”, 2.

<sup>132</sup> Skorgen, Torgeir. *Rasenes oppfinnelse: Rasetenkningens historie*. Oslo: Spartacus, 2002, 163.

<sup>133</sup> S. F., “Nyt folk”, 2.

<sup>134</sup> –m –a. “Ved festen for omstreifernes børn 24-2-1906” *Fra landeveien* 9, no. 5 (Mai 1906): 22.

<sup>135</sup> –m –a., “Ved festen for omstreifernes børn 24-2-1906”, 22.

med “den evige jøde” var dømde til evig vandring.<sup>136</sup> Segna om “den evige jøde” gjekk ut på at jødane var dømde til å alltid vera på vandring for eit alvorleg brotsverk, nemleg mordet på Jesus. Straffa var å vandra heilt til dommedag utan kvile eller ro.<sup>137</sup> I teksten “Hvad der har ligget øde” frå 1913, der ein igjen samanliknar “omstreifarane” med “den evige jøde”, blir det trekt fram at lidinga hos begge gruppene heng saman med vala til forfedrane: “det de nu lider, det lider de for fædrenes synder. Tænk for en sum av lidelse de vilde været sparet, dersom fædrene hadde faat sig et hjem og fundet sin Gud!”<sup>138</sup> I *Fra landeveien* finn ein likevel ikkje roten til forbanninga i korsfestinga, men i det at “omstreifarane” har valt vekk Jesus. Dette kjem fram i fylgjande sitat i teksten “Fra damekomiteerne” frå 1902, der Jerusalems skomakar blir nemnd. Uttrykket viser til forteljinga om skomakaren som nekta å hjelpe Jesus på veg til Golgata, ein av fleire figurar som personifiserte “den evige jøde”:<sup>139</sup>

... den store forbandelse, der hviledе over fanterne, at de maatte vandre omkring som Jerusalems skomager uden maal og uden hjem, som et jaget vildt, foragtet og frygtet af alle skikkelige mennesker. De havde sparket Frelseren fra sig, derfor hviledede forbandelsen over dem.<sup>140</sup>

Gjennom å sparka frå seg Jesus har “omstreifarane”, som skomakaren, blitt ramma av ei forbanning som gjer at dei må vandra, og dei har derfor hamna på sida av “alle skikkelige mennesker”. Forteljinga om “den evige jøde” blir altså overført til forteljinga om “omstreifarane” for å forstå levesettet deira, og ein kan derfor hevda at akkurat som “den evige jøde” blir ein figur, ein synekdoke, som representerer historia om alle jødar, så blir metaforens måldomene utvida i *Fra landeveien* til å òg omfatta historia om alle “omstreiferar”. Der plantemetaforane i det andre kapittelet framhevar eigenskapar hos ungane som foranderlegheit, så vektlegg bruken av forteljinga om “den evige jøde” at ungane er prega av ei nedarva synd og underlagt ei forbanning ovanfrå, som gjer at dei har ei vandrelyst i blodet.

### Omrstridd skjebnetru

Sjølv om ein fleire gongar i *Fra landeveien* skildrar ei nedarva vandrelyst i blodet og trekk parallellear mellom “den evige jøde” og “omstreifarane”, så var det ikkje unison einigkeit i bladet om desse metaforane som passande rammeverk for å forstå “omstreifarane” og korleis ein skulle arbeida med dei. Me har allereie i dette kapittelet vore inne på nokon av problema

<sup>136</sup> Brustad mfl., *Et uønsket folk*, 27.

<sup>137</sup> Eriksen, Trond Berg. “Spredningen østover”. I *Jødehat: Antisemittismens historie fra antikken til i dag*, redigert av Trond Berg Eriksen, Håkon Harket og Einhart Lorenz, 125-139. Oslo: Cappelen Damm, 2009, 136-137.

<sup>138</sup> I. B. C., “Hvad der har ligget øde. (Ved en familjes optagelse).”, 37.

<sup>139</sup> Eriksen, “Spredningen østover”, 136-137.

<sup>140</sup> Anon., “Fra damekomiteerne” *Fra landeveien* 5, no. 4 (April 1902): 14–15, 14-15.

Misjonen støytte på i møte med eit deterministisk syn på “omstreifarane”, og dei ovannemnde metaforane skriv seg inn i ei gruppering ytringar i bladet som lyftar fram nokon av utfordringane ved arbeidet. Nedarva vandrelyst og “den evige jøde” understrekar forskjellar ein meinte å sjå mellom majoritetsbefolkninga og “omstreifarane”, men framstillingar som heller framhevar ulike fellestrek mellom dei to gruppene var òg utbreidde i bladet. Akkurat kva for nokon fellestrek ein meinte å sjå vil me undersøka nærmare i det fjerde kapittelet, men til sist i dette kapittelet skal me kikka på ein tekst frå 1915, “En ond skjæbne”, som diskuterer ulike skjebnetruer og introduserer nokon av fellestrekka me kjem tilbake til seinare.

Ein kan spora ulike meininger i *Fra landeveien* om “omstreifarane” og arbeidet til Misjonen gjennom kva for nokon metaforar ein brukte for å forstå dei, der me til nå har sett på dei optimistiske plantemetaforane i kontrast til dei meir deterministiske metaforane knytte til blod og arvesynd. I teksten “En ond skjæbne” treng ein ikkje å leita i metaforbruken for å finna forfattarens posisjon, då teksten ber preg av å vera eit direkte meiningsinnlegg og eit oppgjer med skjebnetrua ein finn igjen i bladet og i samtidia. Teksten begynner med å introdusera segn som er utbreidde blant “zigeunerne” og “vore omstreifere i Norge”, som har sitt utspring i “bevisstheten om noget de har forbrutt og som de nu lider for.” Ifylgje forfattaren trur òg “mange bosittende” på koplinga mellom nemnde grupper og segnene om “den evige jøde” og Kain.<sup>141</sup> Historia om “den evige jøde” har me sett på tidlegare, men Kain dreier seg om ei forestilling om at “omstreifarane” nedstammar frå den bibelske Kain, som i fyrste Mosebok drep broren sin Abel. Denne forestillinga var utbreidd i Europa, òg i Noreg.<sup>142</sup> Bibelversa 1 Mos 4, 11–12 og 17–24 knytt til Guds påfylgjande straff av Kain blir kopla til “omstreifarane”, der han blir dømt til å leva eit fredlaust og reisande liv. Vidare blir etterkommarane til Kain skildra som musikarar og smedar, og dei bur i telt. Forfattaren meiner at det er naturleg at kristne greip til Bibelen for å forstå kven “omstreifarane” var og kopla dei til forteljinga om Kain, men avfeiar segna om “den evige jøde” og Kain som forklaring bak den reisande livsstilen:

Dette maa vi betegne som den rene overtro. Gud har ikke bestemt nogen til at ha hjem og andre til at være hjemløse, likesalett som han har bestemt nogen til at være rike og ha det godt og andre til at være fattige og ha det ondt. Hvis det var tilfældet da nyttet det jo ikke at foreta sig nogenting her i verden. Denne overtroiske paastand “Det nyttar ikke”, mon den ikke har en god forbundsfælle i denne ulykkelige tro paa skjæbnen?<sup>143</sup>

---

<sup>141</sup> I. B. C. “En ond skjæbne.” *Paa hjemveien* 17 (November–desember 1915): 43–45, 44.

<sup>142</sup> Gotaas, *Taterne*, 26–27.

<sup>143</sup> I. B. C., “En ond skjæbne.”, 45.

Forfattaren hevdar at Gud ikkje har forutbestemt korleis liva våre skal vera, og om Gud hadde gjort det ville det ikkje nytta å gjera noko som helst i livet. Dessutan heng trua på ein skjebne saman med resignasjonen i det å hevda at arbeidet ikkje nyttar, og det er feil; vidare i teksten heiter det nemleg at det er “utelukket at skjæbnen skal ha en slik magt i tilværelsen”, for Gud “gjør ikke forskjel paa folk”, “er like god mot alle” og “vil at alle skal bli frelst og komme til sandhetens erkjendelse.” Rett nok er det sant at Gud “hjemsøker fædres misgjerning paa børn – og det har nok omstreiferfolket tilstrækkelig levert bevis for”, men om det leier ein til å konkludera med skjebnetru er ein ikkje “tolk for Guds tanker”:

Nei, Guds tanker med omstreiferne som med alt hvad menneske heter er at han ikke vil den ugodeliges død men at han skal omvende sig og leve. ... Det er ikke en jernhaard, ubøielig skjæbne som regjerer verden. Det er den almægtige Gud hvis hjerte banker i usigelig kjærighet til alle, ogsaa til den som tror sig at staa under en ond skjæbne, eller under Guds forbandelse.<sup>144</sup>

Gud ynsker at “omstreifarane”, i likskap med alle andre menneske, skal omvenda seg, og han elskar alle, òg dei som trur at dei lid under ei forbanning. Teksten blir avslutta med eit løfte om at “vi [vil] være Guds sendebud til det ulykkelige omstreiferfolk” og Jer 29,11: “Jeg vet de tanker jeg tænker angaaende eder, sier Herren, fredstanker og ikke til ulykke, at gi eder fremtid og haab.”<sup>145</sup>

Her kjem nokon sentrale delar av det religiøse tankegodset til Misjonen fram. Gud har ikkje forutbestemt korleis liva våre skal vera, han ynsker at alle skal bli omvende og det er Misjonen si oppgåve å vera hans sendebod til “omstreifarane”. Folkeleg tru på forbanningar som ligg over “omstreifarane” kan føra til at ein trur at arbeidet ikkje nyttar, men dette dreier seg om rein overtru. “Omstreifarane” er som “alt hvad menneske heter”, noko som inneber at deiras liv er like lite determinerte som andres. Likevel medgir forfattaren at dei er heimsøkte av “fædres misgjerning paa børn”, som viser til 2 Mos 20,5 om korleis Gud straffar ungar i fleire slektsledd for fedranes synder.<sup>146</sup> Forfattaren meiner likevel at det på ingen måte betyr at dei er dømde til å leva det livet dei lev, for det står ennå fast at Gud er like god mot alle og vil at alle skal bli omvende. Dette insisterande innlegget kan ha ein samanheng med ei utprega skjebnetru, på både segn og arvestoff, i samtida, og dette deterministiske tankegodset set jo òg sitt preg på enkelte tekstar i *Fra landeveien*.

I fleire artiklar i bladet kan ein spora ein tvil på arbeidet, både frå storsamfunnet og enkeltmenneske i organisasjonen, i møte med denne skjebnetrua. Nyttar det, sånn eigentleg? I

---

<sup>144</sup> I. B. C., “En ond skjæbne.”, 45.

<sup>145</sup> I. B. C., “En ond skjæbne.”, 45.

<sup>146</sup> Denne bibelstaden har me vore innom tidlegare i dette kapittelet på s. 34, då han i ein annan tekst blei sett i samanheng med arvelegheitslovene.

ein tekst frå 1909, som feirar at Misjonen har fått ny bevilling frå Stortinget, heiter det: "At der kan opstaa tvil om nytten, skal ikke forundre os. Det er jo, hvad vi har havt at kjæmpe imot hele tiden, og den sitter dypt i sindene."<sup>147</sup> Tvilen på om arbeidet nyttar sit djupt og Misjonen må stadig kjempa mot han. Han dukkar òg opp i ein tekst frå 1907, der forfattaren skriv at fleire hevdar at "omstreifarane" har kome så fjernt frå samfunnet og Gud at dei aldri kan bli redda: "Dette siges ofte; men det maa ikke siges. Det nytter at bede, det nytter at arbeide for dem." Forfattaren viser til barneheimane som eksempel på at arbeidet ikkje er forgjeves, og sluttar med oppfordringa: "Jo, det nytter! Vi maa først og sidst have tro paa vort arbeide, og vi har lov at tro paa det."<sup>148</sup>

I ein tekst frå 1910 er ikkje trua på at arbeidet nyttar like sikker, der forfattaren medgir at i møte med vaksne omstreifarar kan tvilen stemma: "Det kan være for sent at hjälpe. Men det er ikke vor sag at afgjøre det. Det er Gud, der avgjør det." Det kan vera at arbeidet ikkje nyttar, men det er det ikkje opp til menneske å avgjera; dei skal uansett "være hans tjenere og hjälpe med at redde den ulykkelige."<sup>149</sup> Ein kan tvila på arbeidet, og kanskje nyttar det ikkje alltid; men ein må forsøka å hjelpa til like fullt. I ein annan tekst frå 1910 skriv forfattaren om kor vanskeleg arbeidet i Misjonen kan vera, og at det kan gjera hen uroleg. Då roar det hen å tenka på at Gud ikkje er det: "Gud er ikke nervös. Han skjærver ikke på haanden, han staar ikke raadløs, ... heller ikke, naar han lar motgang og vanskeligheter strømme ind over os."<sup>150</sup>

I dette kapittelet har me sett på ulike hindringar Misjonen identifiserte i arbeidet med å omskapa ungane, og dei kan grovt delast inn i farane ein såg i arvelege eigenskapar i ungane og farane ein såg i trua på nettopp desse arvelege eigenskapane. Misjonstanken lot seg ikkje enkelt kombinerast med determinisme, noko som leia til fleire interessante ambivalensar i *Fra landeveien*. Samtidig som ein greip til utbreidd tankegods i samtida om arvelegheitslover og forbanningar for å forstå og tilrettelegga arbeidet med "omstreiferane" og ungane, så måtte ein likevel slå ned på nettopp desse idéstrømmingane. Dei ville stå i direkte kontrast til misjonstanken i botn av arbeidet til Misjonen, som gjekk ut frå at alle menneske kunne og skulle bli frelse, og dermed undergrava Misjonens eksistens.

---

<sup>147</sup> Anon., "Den tvungne bosættelse." *Fra landeveien* 12, no. 5 (Mai 1909): 18–19, 18.

<sup>148</sup> H. E. "Fra arbeidet." *Fra landeveien* 10, no. 5 (Mai 1907): 34–35, 35.

<sup>149</sup> Anon., "Er det ikke for sent?", 10.

<sup>150</sup> Anon., "Gud er ikke nervös." *Fra landeveien* 12, no. 9–10 (September–oktober 1910): 33–34, 33.

#### 4. Omvending: “Hans sol lyse over dem alle”

Me har allereie vore innom fleire religiøse dimensjonar ved arbeidet til Misjonen, men dei har til nå vore ein del i eit samansett bilde for å forstå kva Misjonen tenkte om omskapinga av ungane. I dette kapittelet vil det religiøse tankegodset til Misjonen vera i fokus, og då spesielt misjonstanken. På kva for nokon måtar var forståinga av og arbeidet med ungane forma av gudstrua, og korleis blir det spegla i framstillingane av ungane? Me skal fyrst gå nærare inn på disharmonien mellom determinisme og misjon, som var eit tilbakevendande tema i det tredje kapittelet, og sjå på korleis denne konflikten kunne løysast gjennom sentrale trusoppfatningar i Misjonen. Vidare vil me undersøka korleis ungane i kraft av å vera ungar fekk ei heilt spesiell rolle innanfor det kristne rammeverket Misjonen opererte ut frå og innanfor, for til slutt å kikka på ulike religiøse metaforar i bladet som skildrar det endelege målet med arbeidet.<sup>151</sup>

#### Omskaping gjennom frelse

Den såkalla vandrelysta i blodet til “omstreifarane” var eit gjennomgåande tema i det tredje kapittelet. Ho er omdiskutert i dei årgangane som har blitt lese i samband med oppgåva, både når det kjem til kva ho kjem av og kor stor påverknad ho har når nokon vel å reisa, men eksistensen hennar er likevel vel etablert. Eit uttalt mål for Misjonen frå byrjinga av var å utradera ho, men korleis skulle det vera mogleg?

Om vandrelysta hadde sitt utspring i ei forbanning frå ovan, som “den evige jøde”, så låg redninga i frelsa. Forfedrane har synda og ein blir plaga for det i livet, men ein kan gjera det godt igjen gjennom å gjera det forfedrane ikkje skal ha gjort: ta imot Gud. Når ein trekk fram segna om “den evige jøden” i *Fra landeveien*, så vektlegg ein samtidig at forbanninga kan bli oppheva om ein berre angrar seg, ber om tilgiving og får nåden, òg i dei skriftstadane om “den evige jøde” som blei trekte fram i kapittel tre. I diktet sitert i førre kapittel skildrar ein korleis forløysinga frå forbanninga ligg i “angerstaaren ved korset”, og vidare heiter det:

Thi kan de finde paa trætte fod  
til høien hen, der hvor korset stod,  
da skal og landeveisfolket faa fred,  
den kjendte slegt gaa til hvile ned  
og gjennem nye slegtled gaa frem  
som kristent folk i eget hjem. ...  
Han tæller dem alle blandt sine smaa lam;  
o, kom og vær med – og før dem til ham.<sup>152</sup>

---

<sup>151</sup> Tekststaden frå 1911-vårnummeret, som har gitt namn til kapittelet, vil ikkje bli behandla i fyrste del av kapittelet, men i det siste underkapittelet, Den etterlengta sommaren.

<sup>152</sup> –m –a., “Ved festen for omstreifernes børn 24-2-1906”, 22.

Ved hjelp av korset skal “landeveisfolket” endeleg få fred og bli eit “kristent folk i eget hjem”, og det er Misjonens oppgåve å mogleggjera dette gjennom å leia dei til Gud. I denne delen av diktet blir ikkje “omstreifarane” lenger forstått gjennom bildet “den evige jøde”, men omtalte som “smaa lam”; i denne metaforen finn me kjernen i arbeidet til Misjonen. Han som tel lamma i diktet er Jesus, som i fleire bibelvers skildra seg sjølv gjennom den gammaltestamentlege metaforen hyrden.<sup>153</sup> Hyrdemetaforen kan romma fleire kvalitetar, og blir m. a. brukt i Bibelen for å skildra ein leiar. I Joh 10,11–16 skildrar Jesus kva for nokon trekk ved hyrden han vil ta med seg i relasjonen sin til menneska, og legg då vekt på korleis han har omsorg for menneska og vil beskytta dei mot farar.<sup>154</sup> Det er denne omsorgsfulle hyrden Jesus me finn igjen i diktet, som tel sauane sine for å forsikra seg om at ingen har rota seg vekk frå flokken. I nemnde bibelvers trekk Jesus vidare fram at han har andre sauar som ennå ikkje høyrer til flokken hans, men at dei skal høyra hans røyst og til slutt vil det vera éin flokk og éin gjetar. Dette siste har gjort verset til ein sentral misjonstekst, då det har blitt tolka som eit frampeik til misjonsbefalinga han seinare gav disiplane om å gå ut og omvenda alle folkeslag. I samanheng med misjon har det vore vanleg å gjenbruka desse metaforane, og sjå (som i diktet ovanfor) Jesus som ein hyrde og menneska som lam/sauar.<sup>155</sup>

Om ein er så heldig å vera ein del av flokken, så er ein altså i tråd med misjonsbefalinga pliktig å hjelpa til med å spreia ordet om Jesus og sørga for at fleire kjem heim til flokken. Den norske lutherdommen, som Misjonen sprang ut av, hadde ein grunnleggande pietistisk profil, der ei sentral overtyding var at det kristne bodskapet måtte bli forkynna for alle menneske, og at det var omsynslaust å halda heidningane utanfor det kristne fellesskapet fordi forfedrane deiras ein gong hadde forkasta Jesus si lære. Ein skulle forsøka å nå ut til dei og ha omtanke for sjelenauda til heidningane og livsvilkåra deira. Misjon og sosialt arbeid retta mot heidningar var ei forplikting for det kristne fellesskapet,<sup>156</sup> og “omstreifarane” var i Misjonens auge heidningar. Rett nok var fleire døypte og konfirmerte, men dei fylgte ikkje opp rituala med eit liv i tråd med kristne ideal og dreiv derfor “et spilfegteri med det hellige”, som det heiter i fyrstenummeret frå 1899. Dei blei vidare skildra som “et hedningefolk i samme forstand som Zuler og Madagaskere og Santhaler”, og

---

<sup>153</sup> Nielsen, Erik A. *Kristendommens retorik: Den kristne dignings billedformer*. København: Gyldendal, 2009, 258–259.

<sup>154</sup> Hylen, Susan E. “The Shepherd’s Risk: Thinking Metaphorically with John’s Gospel.” *Biblical Interpretation* 24, no. 3 (2016): 382–399, 382 og 385.

<sup>155</sup> Köstenberger, Andreas J. “Jesus the Good Shepherd Who Will Also Bring Other Sheep (Joh 10:16): The Old Testament Background of a Familiar Metaphor” *Bulletin for Biblical Research* 12, no. 1 (2002): 67–96, 67 og 71–74.

<sup>156</sup> Helle, *Organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse*, 102.

Misjonen var i tråd med misjonsbefalinga forplikta til å ta seg av “dette hedningefolk midt iblandt os” og setta i gong med “en social mission, et barmhjertighedsarbeide.”<sup>157</sup>

I diktet ovanfor finn me ein allusjon til misjonsbefalinga i den siste strofa: “O, kom og vær med – og før dem til ham.” “Omstreifarane” er nemleg, som andre menneske, “smaa lam” som Jesus bryr seg om og vil ha samla i flokken sin. Misjonen meinte sjølv at dei representerte noko nytt i det å inkludera “omstreifarane” i misjonsbefalinga, noko som m. a. kjem fram i ein av talane frå opninga av Askviknes barneheim. Der ein tidlegare hadde tenkt på dei som ei plage, ville ein med misjonsarbeidet tenka på dei som ein neste:

“Hvem er min næste?” Har man ikke været tilbøielig til at svare: alle, alle, hvemsomhelst er vor næste, – kun ikke disse? De fattige, de syge, de hjelpeøse, hedningerne – ja, men omstreiferfolket? En byrde og en plage, en stadig fare for samfundet, ja, det har vi følt, at de er, men vor næste i dette ordas egentlige betydning: ... – nei.<sup>158</sup>

I tråd med diktet vil den skjebnesvangre forbanninga forsvinna om “omstreifarane” berre finn tilbake til flokken, for då vil dei endeleg bli eit “kristent folk i eget hjem”. Løysinga ut av det determinerte livet ligg altså i frelsa, og det er opp til Misjonen å bringa ho til “omstreifarane”. Å rekna dei med i misjonsbefalinga var å grunnleggande sett forstå dei som foranderlege, der Gud både hadde eit ynske om og meinte det var mogleg å frelsa dei. Det var dessutan å inkludera dei i ei menneskeskapande verksemd, der dei gjennom å bli kristna og bufaste blei medmenneske og borgarar i nasjonen. I kapittel tre har me sett på korleis vandrelysta og fantenaturen blei rekna som ein essens som rann i blodet, og at denne essensen hindra “omstreifarane” i å bli som majoritetsbefolkinga. Blod går igjen i *Fra landeveien* når ein skildrar korfor “omstreifarane” er annleis, og det dukkar òg opp igjen i framstillingar av omskapinga, som i denne teksten frå 1904:

Vi har noget at sætte op mod al deres elendighed, imod aarhundreders onde arv og slette eksempel, imod alt det onde, som de maatte have i blodet. Hva er da det? Det er det uskyldige lams blod, Jesu Kristi blod.<sup>159</sup>

Jesus sitt blod vil vinna over det vonde som finst i blodet til “omstreifarane”, for han ofra seg for alle syndarar og “tager imod den arme omstreifer, naar han vender om”. Å venda om er eit sentralt omgrep her, då dei viktigaste strømmingane innanfor den norske lutherdommen på 18- og 1900-talet markerte omvendinga som basis for det kristelege. Omvendinga markerte eit brot i menneskets liv, der ein frå brotet av vil vera endra, både i den indre opplevinga av trua og i ytre åtferd. Ein har gjennom omvendinga og påfylgjande frelse blitt reint empirisk og

---

<sup>157</sup> Anon., “Et hedningefolk inden den norske kirke.” *Fra landeveien* 1, no. 1 (Januar 1898): 1–3, 1-3.

<sup>158</sup> Anon., “Indvielsen af Askviknæs barnehjem”, 30.

<sup>159</sup> H. E. “Jeg føler mig som en skyldner ligeoverfor omstreiferne.” *Fra landeveien* 7, no. 4 (April 1904): 13–14, 13.

påviseleg ny.<sup>160</sup> Dette er ifylgje sitatet mogleg gjennom “det uskyldige lams blod”, som er blodet til Jesus. Tidlegare har me sett korleis menneska blei skildra som lam i relasjon til hyrden Jesus, men lam er òg ein alminneleg metafor for Jesus. Omgrepene “det uskyldige lams blod” viser til Op 7,13–16, der det blir skildra korleis menneska i den kvite flokken har vaska seg i blodet frå Lammet, altså Jesus, som har gjort dei kvite. Gjennom bloddåpen har Jesus omskapt den heslegaste døden til guddommeleg velsigning og oppreising, og gjennom det raude blodet blir menneska vaska reine.<sup>161</sup> Blodet til Jesus er altså sterkare enn “alt det onde, som de [“omstreiferane”] maatte have i blodet.” Det har krafta til å vaska òg dei reine, og om “omstefarane” vender seg om skal dei få ta del i den reinsande frelsa som andre menneske. Gjennom frelsa kan essensen i blodet, her vandrelysta, bli forandra, og ein kan bli transformert frå å vera noko annleis med ein ibuande mangel til å bli eit heilt menneske.<sup>162</sup> Omvendinga forandrar ein på eit grunnleggande plan og ein går, i Misjonens eigne ord, frå å vera “forkommen fant” til å bli “god og strævsom borger”.<sup>163</sup>

Dette er òg bodskapet i eit dikt frå 1902, der fantenaturen blir skildra metaforisk som uro ein demon ved vogga heller i blodet til ungane: “Ved barnets leie staar en dæmon bøiet, som gyder fredløshedens uro i dets blod.”<sup>164</sup> Demonar blir i nytestamentleg samanheng forstått som skapningar i ledtog med Satan, og det er vondskapen dei skapar som Jesus skal frelsa menneska frå. Demonar forårsakar sjukdom og liding, og dei freistar menneska til å synda.<sup>165</sup> I diktet blir fantenaturen noko som kjem av ein vond makt, men det er ein vond makt som Jesus kan frelsa ein frå. Gjennom å lære ungane om Jesus sin kjærleik kan Misjonen derfor hindra demonen i å få grep om ungane:

Og dog – den magt, som sterkt, men stille vender  
 hans viljes arvebundne vekst, er kjærlighet.  
 I barnesjælen plantet, hegnet om med vare hænder,  
 saa i dens bløde muld den skyder rødder ned,  
 den vo[k]ser ud som træet, i hvis skygge  
 kan ogsaa han sit hjem, sin lykke bygge.<sup>166</sup>

Her ser me igjen at plantemetaforar blir brukt for å skildra utviklinga til ungane. Ungane er ennå ikkje ferdig utvikla, og om Misjonen grip tidleg inn i oppsedinga kan ein snu unganes

<sup>160</sup> Rasmussen, “Det indre og det ytre”, 34-5.

<sup>161</sup> Nielsen, *Kristendommens retorik*, 53.

<sup>162</sup> Smith, *Less than Human*, 159.

<sup>163</sup> Anon., “Prolog ved markedet i Fredrikstad for omstreiferne den 5te marts 1899” *Fra landeveien* 2, no. 3 (Mars 1899): 9–10, 10.

<sup>164</sup> Anon., “Prolog ved aftenunderholdningen til indtægt for omstreifersagen. Stenkjær den 1ste April 1902.” *Fra landeveien* 5, no. 5 (Mai 1902): 17.

<sup>165</sup> Dyrendal, Asbjørn. *Demoner: Besettende djevler og andre ondskapsfulle vesen*. Oslo: Humanist forlag, 2006, 56-57 og 61-63.

<sup>166</sup> Anon., “Prolog ved aftenunderholdningen til indtægt for omstreifersagen. Stenkjær den 1ste April 1902.”, 17.

“arvebundne vekst”. I sjela til ungane, der ein finn blaut jord, skal kjærleiken til Jesus bli planta og få skyta røter. Sidan skal spiren i sjela veksa til eit tre, og i skuggen av treet kan ungane bygga seg heimar og lykke. I ly av frelsa kan dei endeleg få roa til å leva lykkelege liv i eigen heim, og demonen har mista makta over ungane.

## Kristusbarn

Fram til nå i oppgåva har me sett på fleire ulike årsaker til at ungane var spesielt viktige for arbeidet til Misjonen, og me har undersøkt korleis religiøse filantropiske organisasjonar såg på det som ei plikt å gi desse ungane betre levekår. Me har likevel ikkje gått noko særleg nærare inn på den religiøst grunna særstillinga til ungane i desse kristne rørslene. I *Fra landeveien* trekk ein fleire gongar fram korleis Jesus hadde ein spesiell omsorg for ungane. Han blir skildra som “barnevennen fremfor alle barnevener”<sup>167</sup> og “den store barneven, der vil have os til at tage vare paa hans eiendom.”<sup>168</sup> I samanhengar der ein løfter fram det spesielle bandet mellom Jesus og ungane viser ein gjerne til Matt 25,40 og les inn ungane som dei minste syskena til Jesus,<sup>169</sup> eller ein trekk fram Matt 18,1–5 med vekt på siste del av verset, der Jesus seier at den som tar imot ein liten unge tar imot han.

Dette siste verset er sentralt i teksten “De mottok barnet for Jesu skyld” frå 1912, som handlar om ei historie frå Hannover om eit ektepar som inspirert av verset tok til seg ein fattig gut som tigga på døra. Denne handlinga blir fortolka som eit eksempel på “praktisk kristendom” som er det å vera “ordets gjørere og ikke dets hørere alene. Der maa bli praktisk kristendom blandt os, hvis vi vil bringe menneskene ind i Guds rike.”<sup>170</sup> Her kan ein merka påverknaden frå samtidig tysk sosial indremisjon, der sosial hjelp og misjonerande verksemد gjekk hand i hand.<sup>171</sup> Den tyske indremisjonsrørsla var opptatte av ein praktisk kristendom, der trua skulle bli verksam i verda gjennom aktivistisk sosialhjelp.<sup>172</sup> Historia om guten i Hannover blir så sett i samanheng med eit opprop til lesarane av *Fra landeveien* om å vera pleieheimar for ungane, då barneheimane ikkje hadde kapasitet til å ta til seg alle. Forfattaren oppfordrar lesarane til å melda seg, for det å ha ein av ungane i heimen er å ha Jesus sjølv, her omtalt som barnevennen, i stova:

---

<sup>167</sup> S. “Jul paa Askviknæs.” *Paa hjemveien* 15, no. 3–4 (Mars–april 1913): 18–19, 19.

<sup>168</sup> Anon., “Sogns barnehjem.” *Fra landeveien* 3, no. 4 (April 1900): 13–14, 14.

<sup>169</sup> G. J., “Ved indvielsen af Lillegaardens barnehjem i Eidanger 8de juni 1902”, 25.

<sup>170</sup> E. M. “De mottok barnet for Jesu skyld.” *Paa hjemveien* 14, no. 9–10 (September–oktober 1912): 43–44, 44.

<sup>171</sup> Foss, Øyvind. “Omstreifermisjonen – offer for rasehygiene?” *Kirke og kultur* 100 (1995): 403–416, 403–405.

<sup>172</sup> Helle, *Organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse*, 119–121.

Og barnevennen vil velsigne dig, og han vil altid være i dit hjem, for “den som tar imot et saadant barn i mit navn, tar imot mig”. Og intet er vel herligere end paa denne maate at ha Jesus lys levende inden sine vægger.<sup>173</sup>

Tidlegare har me sett på korleis ungane i relasjon til Jesus blir lam og småsysken og Jesus barnevennen, men her blir ungane og Jesus skildra som så tett knyta saman at nærværet av ungane er det same som nærværet av Jesus. Denne framstillinga skriv seg inn i ein lang tradisjon av tilbeding av “kristusbarnet”, der ein gjennom å ta seg av ein fattig unge i filler i verkelegheita tar seg av Jesus sjølv. Dette er ein typisk og gammal metafor innanfor kristen velgerdsretorikk, og han blei sentral innanfor dei kristne, filantropiske foreiningane som kom til på 1800-talet. Gjennom å sjå marginaliserte ungar som kristusbarn blei statusen til ungane løfta og det å hjelpa dei desto viktigare.<sup>174</sup>

Ungane blir altså skildra som Jesus i kraft av å vera kristusbarn i naud, men Jesus er òg til stades i bladet som ein rollemodell ungane skal strekka seg mot å likna på. I ei skildring frå julefeiringa ved Lillegården barnehjem blir ein bordbønn nemnd, der alle rundt bordet bad om at Gud “vilde hjælpe baade store og smaa til at ligne dette lille barn, som var kommet for de onde menneskers skyld, og alle de smaa hjerterne bad med, for nu vilde de riktig for alvor bli snille, flinke barn for den snille Jesus skyld.”<sup>175</sup> I ei anna juleskildring, denne frå ein juletrefest for ungane på Svanviken, skriv bestyraren om ein samtale med ein av ungane rundt bordet. Dei kikkar på juletreet, og ungen påpeikar at:

“Lysene paa træet betyr Jesus”, sa en liten gut i en pause. [Bestyraren:] “Ja, Jesus er lyset, det er sandt. Han er det store lys i verden. Men der er mange lys paa bordet, hvad betyr det?” Det var litt vanskeligere; men etter litt samtale blev der enighed om, at hver eneste en av de smaa skulde bli et litet lys, som skinnet av Jesu lydighet og godhet.<sup>176</sup>

Jesus er lysa på juletreet, og ungane dei mange små lysa på bordet. Bestyraren kallar Jesus “det store lys i verden”, noko som er ein typisk metafor for Jesus som blir skildra som verdas nye lys, eit lys som skal gjennomskina den skapte og falne verda. Gjennom lidinga og døden tok han urlyset tilbake til jorda; Jesus er såleis ei utstråling av det himmelske i det jordiske og har evna til å gjennomstråla menneske.<sup>177</sup> “Ham det store lys, som hin nat tændes i Bethlehem til frelse for alle mennesker,” som det heiter i ei anna juleskildring i bladet.<sup>178</sup> Lyset som kom til verda med Jesus arbeider ustanskeleg og har vekka ei spegling i menneska, der lyset bearbeider den menneskelege bevisstheita eller anden.<sup>179</sup> Bestyraren på juletrefesten ser i tråd

<sup>173</sup> E. M., “De mottok barnet for Jesu skyld.”, 44.

<sup>174</sup> Bühler-Niederberger og Sünker, “Interests in and Responsibility for Children and Their Life-Worlds”, 395.

<sup>175</sup> Lærerinden, “Julen paa barnehjemmene: Lillegaarden.” *Fra landeveien* 12, no. 2 (Februar 1909): 5–6, 6.

<sup>176</sup> S. F. “Jul paa Svanviken. Av bestyrerens dagbok.” *Fra landeveien* 13, no. 1–2 (Januar–februar 1910): 1–3, 3.

<sup>177</sup> Nielsen, *Kristendommens retorik*, 179, 189 og 350.

<sup>178</sup> A. B. “Jul paa Lillegaarden.” *Paa hjemveien* 14 (Mars–april 1912): 19–20, 19.

<sup>179</sup> Nielsen, *Kristendommens retorik*, 436.

med desse fortolkingane av Jesus ungane som små lys som speglar det store lyset i han, og som gjennom oppsedinga på Svanviken skal enda opp med å likna han.

## Den etterlengta sommaren

Ei liknande skildring av ungane som lys finn me igjen i vårnummeret frå 1911, der “det lyser av” barneflokken frå Asviknes barneheim.<sup>180</sup> Det lyser altså av ungane som er samla ute i hagen, men sola lyser òg på ungane:

Solen lyser over flokken, der har samlet sig ude i haven under trærne. ... Det er, som om alle vaarens forjættelser taler ut fra dem. Der er vaar over landet. Og vi glæder os og takker Gud for, at der er vaar over vor store barneflok. Hans sol lyse over dem alle.<sup>181</sup>

Guds sol skin over ungane på barneheimane, og alle vårens løfter taler ut frå dei. Å venda seg om til kristendommen blir i samsvar med metaforen om Jesus som verdas lys ofte skildra som å venda seg frå mørket til lyset, der ein går frå å leva i skuggar til å ta del i Jesus sitt lys.<sup>182</sup> I tråd med denne metaforen om omvendinga blir eit liv i samsvar med kristne verdiar forstått som eit liv på solsida, mens eit liv på tvers av desse er eit liv i mørket. Derfor skildrar ein i *Fra landeveien* eit vellykka barnekull med at “de er flyttet over paa solsiden”.<sup>183</sup> På den andre sida blir eit liv som reisande framstilt som eit liv på skuggesida, som i teksten “Forholdsregler mod omstreiferuvæsenet og løsgjengeri” blir definert som “et udtryk, som bruges om dem, som kun lidet nyder af livets sande goder og glæder, om dem, hvis legemlige og aandelige livsvilkaar ikke næres af lys og varme.” Denne skuggesida er ein “stinkende sfære, gjennemsyret af moralsk raaddenhed” som leier til at ungane der “ikke har inddrukket andet end, hvad der er lavt og ondt – alt dækket af løgn og bedrag!” Eit liv på skuggesida er eit liv fullt av “ulyst til at leve et regelmæssig liv og udøve en regelmæssig, hæderlig virksomhed”. Skal ungane på skuggesida bli gode menneske, må dei derfor bli redda tidleg frå eit liv som “omstreifar”: “for børnene er det at være paa solsiden en grundbetingelse for en kraftig og sund utvikling. Paa skyggesiden udvikles intet sundt og kraftigt liv.”<sup>184</sup>

I teksten “Solopgang” frå 1911 blir livet på solsida skildra nærare med utgangspunkt i Luk 1,78–79: “Han lot solopgang fra det høie gjæste os for at lyse for dem, som sitter i mørke og dødsskygge, for at styre vore føtter ind paa fredens vei.” Denne soloppgangen frå det høge

---

<sup>180</sup> Anon., “Vaar over landet.”, 18.

<sup>181</sup> Anon., “Vaar over landet.”, 19.

<sup>182</sup> Nielsen, *Kristendommens retorik*, 270-271.

<sup>183</sup> Anon., “Hjælp os med at finde et godt nyt navn paa bladet.” *Fra landeveien* 13, no. 3–4 (Mars–april 1911): 16.

<sup>184</sup> Hval, A. “Forholdsregler mod omstreiferuvæsenet og løsgjænger. (Foredrag af fængselsprest A. Hval).” *Fra landeveien* 2, no. 4 (April 1899): 14–16, 14-15.

blir tolka som då Jesus kom til jorda, “da den store solopgang indtraf.” Då Jesus kom lyste han opp “veien”, så menneska “ikke lenger tumler om i mørke, men vandrer i dagens fulde lys.” For Jesus er “solen i verden. I hans lys skal vi leve. Det skal sprede alt mørke. Selv dødsskyggens mørke skal vige for ham.” Lesaren blir så oppfordra til å ikkje vika “tilbake for mørket omkring dig. Men lys op i verden. … La alle forstaa, at solen er gaat op, og at du lever i dens lys og varmes av dens straaler.”<sup>185</sup> Eit liv i lyset er eit liv i tråd med dei vegane, altså retningslinjene for livet, som Jesus har vist menneska. Om ein lev i lyset, har ein så plikt til å sjølv lysa opp i verda og spreia lyset ein har fått vidare til dei som er i mørket; her er igjen eit ekko av misjonsbefalinga. Eit liv i lyset er dessutan eit som overvinn døden.

Tankar kring livet på solsida blir òg tatt opp i teksten “Solhverv” frå 1907. Mens livet på jorda opphavleg inneholdt to solkverv, der den eine “betegner overgangen fra lys til mørke, og den anden fra mørke til lys”, så kjenner dei kristne “kun denne sidste, solhvervstid. Den anden oplever verden, naar den gjør frafald.” Med den store soloppgangen i Jesus forsvinn altså den eine solkvervstida for dei kristne, for livet går frå då av berre frå mørke til lyset: “det bevæger sig altid fremover mod større lys.” Omvendinga for menneske til kristendommen blir såleis òg framstilt som ein solkvervstid, for “da viger mørket for lyset.” Denne omvendinga er likevel ikkje ei enkel sak, då “mørket viger langsomt” og det er krevjande å sjå “ned i sit hjertes dyb”. Likevel er “vendingen indtraadt”, og ho vil skje, sjølv om “nogle føres hurtigere over denne vending, andre langsmmere.”<sup>186</sup> På den andre sida av vendinga, våren, ventar så den evige sommar:

Saa bærer det fremover mod større lys og mere varme, lad saa end vaaren være sur og kold, og sæden saaes med taarer. Sommeren kommer dog engang, den evige sommer. Thi Guds rige har kun den ene solhvervstid: Overgangen fra mørke til lys.<sup>187</sup>

Omvendinga kan vera vond og full av tårer, men ein vil nå fram til stadig større lys og varme, og til sist: den evige sommaren. Mørket på jorda, som ligg som eit forheng framfor auga våre, er vekke. Den evige sommaren er det sigerrike, evige lys. Det er solas siger og den evige dag, sommaren utan slutt. Nattemørket er forsvunne og skal aldri venda tilbake, og skapinga vil endeleg ligga i det attskapte urlyset.<sup>188</sup>

Ungeflokkane som badar i sol i vårnummeret frå 1911 har i samsvar med desse metaforane om sol og mørke blitt redda, gjennom Misjonens pleie og oppseding på barneheimane, frå den stinkande sfären på skuggesida, og veks endeleg i Guds sol til vakre

---

<sup>185</sup> Anon., “Solopgang.” *Fra landeveien* 13, no. 11–12 (November–desember 1911): 41–42, 41–42.

<sup>186</sup> J. J. “Solhverv.” *Fra landeveien* 10, no. 12 (Desember 1907): 61–62, 61–62.

<sup>187</sup> J. J., “Solhverv.”, 62.

<sup>188</sup> Nielsen, *Kristendommens retorik*, 435.

blomar som forhåpentlegvis skal “tilta i alt, som er ædelt og godt.” Det er likevel eit poeng i teksten at dei ennå berre er spirer i vårsola, og at våren kan bringa med seg ein uvêrsdag; men “trods alt er dog vaaren den lyse tid. Og vi har det haap, at der skal komme en god sommer etter.”<sup>189</sup> I tråd med fortolkinga av omvendinga som ulike årstider, så er ungane undervegs i den vanskelege omvendinga, våren som kan vera både sur og kald, men Misjonen har eit håp om at dei skal nå fram til den gode sommaren. Dette årshjulet kjem òg fram i den oppbyggande teksten som kjem like før i nummeret, ““Han aandede paa dem””. Vårnummeret er frå pinsetida, og pinsa og den heilage ande er tema for teksten:

Ved aanden er det, livet skabes. Der blir vaar. Det spirer og vokser. Som de visne blade falder av træet, og nye, friske skud skyter frem, saa falder det, som er dødt og vissent, bort, og nye tanker, nye følelser, ny vilje bryter frem. Det gamle blir forbiganget, alt blir nyt.<sup>190</sup>

Når eit menneske omvender seg og tar imot den heilage ande vil våren komma i ein, så det visna fell vekk og nye skot skyt fram. Nye tankar og kjensler og ein ny vilje vil bryta seg fram i det indre: “det nye liv skal fylde dig og gjøre dig til et nyt menneske.”<sup>191</sup>

Ungane er i våren på fleire plan i teksten. Reint bokstaveleg er bilda og nummeret frå våren, og ungane står ute i den faktiske vårsola. Eit andre plan er at dei er undervegs i omvendinga, der dei er i våren, men (forhåpentlegvis) på veg mot sommaren. Eit tredje plan er at det blir trekt fram i teksten at dei er i ein alder, “ungdomstiden”, som er “livets vaar.”<sup>192</sup> Eit fjerde og siste plan er at òg arbeidet med “omstreifarane” i Noreg fleire stadar i *Fra landeveien* blir forstått som eit årshjul, eksempelvis i ei tale frå same år, der ein samanliknar stoda for arbeidet i samtida med tida til Sundt, som “maatte bryte nyland”:

Vi skylder Eilert Sundt meget. ... Vi staar i vaarbruddets dage og ser med glæde, at de første spirer vokser frem, mens han gik omkring i de vasne kolde dage, som gaar forut for vaarbruddets tid.<sup>193</sup>

Mens Sundt braut nyland i vassen kulde, så kan Misjonen stå i vårbrotet og kikka på dei fyrste spirene av arbeidet som veks fram. Ungane ved barneheimane er òg ein del av våren i arbeidet med “omstreifarane”, der Misjonen meinte at ein endeleg kunne sjå framgang i verksemda retta mot dei.

Tidlegare i oppgåva har me vektlagt korleis arbeidet til Misjonen med ungane var motivert av både eit ynske om å skapa ein god barndom for ungane og eit ynske om å omforma dei i samsvar med samtidige ideal om kva ein god borgar var. Målet om å bringa dei

<sup>189</sup> Anon., “Vaar over landet.”, 18–19.

<sup>190</sup> Anon., ““Han aandede paa dem.”” *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 17–18, 18.

<sup>191</sup> Anon., ““Han aandede paa dem.””, 18.

<sup>192</sup> Anon., “Vaar over landet.”, 18.

<sup>193</sup> Anon., “Indvielsen av arbeiderkolonien paa Bergfløtt i Lier.” *Fra landeveien* 13, no. 11–12 (November–desember 1911): 43–47, 46.

til den evige sommaren, paradis, har ikkje blitt framheva i like stor grad. Misjonen ynska å bøta på livsvilkåra til ungane og sørga for at dei fekk kva Misjonen rekna som eit godt liv på jorda, men eit like stort, om ikkje større, mål var å frelsa ungane så dei fekk eit godt liv også etter døden. “Vi kan ikke som kristne staa og se paa at disse [ungane] gaar tilgrunde baade for tid og evighet,”<sup>194</sup> som det heiter i teksten om guten i Hannover. Eit sentralt prinsipp i den tyske, sosiale indremisjonen, som Misjonen som sagt var inspirert av, var at frelsa ikkje berre skulle sikrast i det dennesidige, men i det hinsidige. Guds rike skulle bli realisert på jorda gjennom eit kristeleg-sosialt arbeid blant trengande, men samtidig som ein dreiv med praktisk hjelp skulle ein vidarebringa Guds ord og sørga for at dei trengande blei omvende.<sup>195</sup> Dette siste målet blir spegla i *Fra landeveien* når ein skriv om å bringa ungane heim til Jesus, om å flytta dei over på solsida og om håpet om at dei skal nå den evige sommaren.

Målet om frelsa i det hinsidige kjem òg tydeleg fram i nok ei skildring frå ein julefest, der ungane og dei vaksne held kvarandre i handa og går rundt juletreet. Dei syng salmen “Her kommer dine arme små”, og idet dei stemmer i det tredje verset, med linjene “Velkommen fra din himmelsal til denne verdens grætedal”, så forandrar heile stova seg:

... tid og rum blir borte; ind under træts grener ser vi krybben med barnet, og træet selv blir stigen, som fører helt i himlen ind og vi ser “den store hvide flok”, hvor vi finder saa mange kjendte kjære ansigter som nu er kommen hjem fra den store trængsel, og øjet ser ut over den hele jord og kredsen rundt træet utvider sig, himmel og jord smelter sammen, vi tar alle vore kjære tæt ind ved os og alle blander vi vor røst med englenes “ære være Gud i det høieste”<sup>196</sup>

Tid og rom blir vekke for ungane og dei vaksne rundt juletreet, der dei blant greinene på treet kan sjå krybba med Jesusbarnet. Juletreet blir til ein himmelstige, og i himmelen ser dei den store, kvite flokken som blir omtalt i Op 7,9–17. Blant flokken er fleire kjente, og saman ser dei himmel og jord smelta saman mens dei syng med englane. Gjennom salmesongen på julefesten blir ungane og dei vaksne i tråd med kristen eskatologi rykka opp til himmelriket. Jesus har endeleg kome til “verdens grætedal” som barnet i krybba, og ved hjelp av hans framkomst til jorda har stigen til “himmelsalen” han kom frå blitt opna. Gjennom å feira og tilbe Gud i salmesong rundt juletreet får ungane og dei vaksne på barneheimen eit glimt av målet, som er den evige sommaren som ein dag skal komma.

---

<sup>194</sup> E. M., “De mottok barnet for Jesu skyld.”, 44.

<sup>195</sup> Stenhammar, “[E]t Redningsarbeide i den kristelige Kjærligheds Tjeneste.”, 190.

<sup>196</sup> J. L. C. “Jul paa Rostad.” *Paa hjemveien* 14, no. 3–4 (Mars–april 1912): 20–21, 20.

## 5. Konklusjon: Om Misjonens førestillingsverd

I denne oppgåva har me gjennom tre kapittel undersøkt korleis ungane blei framstilte i eit utval artiklar frå årgangane 1898–1915 av Misjonens blad *Fra landeveien*, der kapitla tok utgangspunkt i tre ulike metaforar knytte til arbeidet med ungane: spire, uvêrsdag og sol. Me har sett korleis ulike metaforar har speglat forskjellige samtidige vitskapsgreiner, og dermed korleis metaforbruken i *Fra landeveien* ber preg av debattar mellom ulike kunnskapssyn i samtidia. I denne konklusjonen vil eg først summera opp nokon av hovudtrekka frå dei ulike kapitla, for så å diskutera om det finst nokon form for koherens mellom dei ulike metaforane me har sett på i dei forskjellige kapitla. Til sist vil eg meir spissa komma tilbake til det enkle og vanskelege spørsmålet som innleia denne oppgåva og skriva om korleis funna mine fortel noko om korfor ungane var såpass sentrale i arbeidet til Misjonen.

I spirekapittelet såg me nærmare på forskjellige plantemetaforar som blei brukt i skildringane av ungane. Målet med arbeidet til Misjonen var å omskapa ungane frå “omstreiferar” til bufaste borgarar, og ved å undersøka korleis oppsedinga av ungane i barneheimane blei forstått gjennom ulike omgrep og førestillingar frå landbruket har me sett nærmare på korleis denne omskapinga skulle skje. Eit viktig trekk var at omskapinga i det heile tatt blei rekna som mogleg, noko som kjem fram i vektlegginga av korleis ungane, som spirer, blei forma av påverknad utanfrå. I motsetning til dei vaksne “omstreifarane” blei dei rekna som formbare, og om ein tok ungane tidleg frå foreldra og fekk dei flytta, planta om, i barneheimane eller i pleieheimar, så ville dei bli bufaste, slå røter og veksa opp til å bli gode borgarar, altså blomar og frukt. Om dei blei hos foreldra ville dei hamna på utsida av samfunnet og ikkje kasta noko av seg, som villnis, aude og ugras. Misjonen hadde i denne forteljinga evna til å forma ungane som ynska, då dei, som landbrukarar, kunne reinska opp i villniset foreldra hadde skapt og sørga for at lyset frå ovan nådde ned til ungane.

I *Fra landeveien* kjem det likevel fram at denne omskapinga kunne vera krevjande, og i uvêrsdagkapittelet undersøkte me korleis ei annleisheit ved ungane blei skildra som ei utfordring i arbeidet, ein uvêrsdag, som kunne øydelegga for den ynska veksten til ungane. Denne annleisheita blei sett på som nedarva og medfødde tilbøyelygheiter, som kunne bli forstått som ein fantenatur eller ulike teikn på degenerasjon. Nokon av eigenskapane som var knytte til desse var alkoholisme, usedelegheit og ei vandrelyst. Tilbøyelygheitene blei overførte frå foreldra til ungane gjennom blodet. Nokon forklaringar for korfor desse vonde eigenskapane ramma “omstreifarane” og ungane deiras var knytte til religiøse forbanningar, som “den evige jøde” og Kain, mens andre peikte på funn frå arvehygienen. Eit liv i samsvar

med desse tilbøyelighetene blei skildra som ein myrtilstand, eit liv som verken gagna “omstreifarane” eller medborgarane i nasjonen. Trua på dei nedarva tilbøyelighetene skapte tvil om nytten ved arbeidet, og denne tvilen blei kritisert fleire stadar i bladet. Om ungane var determinerte til å leva liv på sida av samfunn og kyrkje som foreldra, så blei omskapingsarbeidet til Misjonen meiningslaust. I innvendingane mot skjebnetrua blei det hevda at Gud ikkje har forutbestemt liva til noko menneske, heller ikkje “omstreifarane”, og at sjølv om ikkje arbeidet alltid nytta, så var det eit arbeid i tråd med Guds ynske og Misjonen skulle, som Guds tenrarar, uansett arbeida mot å redda “omstreifarane” og ungane deiras.

I solkapittelet var lyset som kom til jorda med Jesus eit gjennomgåande tema, og plikta ein hadde som kristen til å spreia dette lyset vidare til dei som ennå levde i mørket som ikkje-truande. Eit liv utanfor den kristne tru og samfunnet blei skildra som eit liv på skuggesida, mens eit liv innanfor var eit liv på solsida. På skuggesida veks det ikkje noko sunt og godt, og eit mål for Misjonen var å flytta ungane over på solsida så Guds sol ville nå dei. “Omrysteifarane” blei rekna av Misjonen som eit heidningfolk på sida av kyrkja, og ungane blei i tråd med typiske metaforar knytte til misjon, der Jesus er hyrden og menneska sauar, skildra som lam. Oppgåva til Misjonen blei i denne forteljinga å leia ungane, lamma, heim til Jesus gjennom oppsedinga. Ein metafor som blei brukt for denne oppsedinga var at ungane var blaut jord, der Misjonen skulle planta kjærleiken til Jesus. Ungane blei vidare oppfordra til å forsøka å likna Jesus ved å vera gode og lydige, så dei skulle bli små lys som spegla det store lyset i han. Jesus blei skildra som barnevennen og ungane som hans minste sysken. Kristusbarn var òg ein metafor som knyta ungane saman med Jesus, der det å ta seg av ein unge på jorda blei forstått som å ta seg av Jesus sjølv. Vandrelysta frå uvêrsdagkapittelet kom òg opp igjen i kapittelet, der ho blei skildra som ein substans som ein demon heller i blodet til ungane. Blodet kan likevel bli vaska reint av blodet til Jesus, det uskyldige lammet, om dei berre vender om. Omvendinga blei skildra som ein vår i livet til menneska, og frelsa og paradis som den evige sommaren Misjonen skal hjelpe ungane mot.

Eg meiner det er nokon grunnleggande trekk som går igjen i dei forskjellige metaforane knytt til ungane i *Fra landeveien* og forteljingane dei opnar for. For å løfta desse fram vil eg bruka Werths omgrep mega- og mikrometafor, som går ut frå at ein understrøm av overordna kulturelle bilde renn gjennom teksten. Denne understrømmen blir kalla megametafor, og han kjem til uttrykk i teksten som fleire ulike mikrometaforar. Werth hevdar at megametaforane fører metaforane i ein tekst saman i ein overordna struktur, der dei ulike mikrometaforane kombinert saman peiker mot bestemte bodskap. Megametaforanes primære

funksjon er å vera ein representasjon av det metaforiske kjernepunktet i teksten. Dei uttrykker fundamentale kulturelle rammer og er knyta til essensielle byggesteinar i verdsbilda våre.<sup>197</sup>

Nokon førestillingar som er sentrale i fleire av metaforane i *Fra landeveien*, er motsetningsparet lys og mørke. Dei dukkar m.a. opp i skildringane av Jesus som verdas lys og omvendinga som eit årshjul som stansar ved sommaren. Eit anna motsetningspar som går igjen i metaforane er knytt til opp og ned, der f.eks. ein i den evige sommaren stig opp til himmelen, mens eit liv på skuggesida blir skildra som eit liv som søkk ned i det låge og sanselege. Desse motsetningspara er vidare knytt til motsetningsparet godt og vondt, der metaforane som er knytte til lyset og ein bevegelse oppover blir forbunde med det gode, mens metaforane som er kopla til mørket og ei forflytting nedover blir forstått som vonde.

Desse tendensane speglar nokon av funna til Lakoff og Johnson. Dei har skildra ulike metaforar knytte til motsetninga opp-ned, som dei kategoriserer som *orientational metaphors*, romlege metaforar. Mesteparten av våre fundamentale førestillingar skal vera organiserte i tråd med ein eller fleire av desse metaforane. Lakoff og Johnson meiner denne typen metaforar heng saman med våre opplevingar i verda, og har sitt utspring i ulike fysiske og kulturelle opplevingar. Sjukdom, død og tap er knyta til det å ligga nede, mens det å vera oppreist er knyta til glede, kraft og kontroll. Nokon av dei romlege metaforpara dei har identifisert er Glad er opp; Trist er ned, Helse og liv er opp; Sjukdom og død er ned, Kontroll er opp; Mangel på kontroll er ned og Godt er opp; Ned er vondt.<sup>198</sup> Zoltán Kövecses har vidare skildra dei orientelle metaforane Moralsk er opp; Umoralsk er ned og Gud er opp, samt den konvensjonelle metaforen Livet er lys; Døden er mørket.<sup>199</sup> Eg meiner ein kan lesa desse metaforane som nokon av megametaforane som ligg til grunn for dei ulike tekstane i *Fra landeveien*, men kva for nokon bestemte bodskap peiker så dei ulike mikrometaforane i tekstane på? Og kven blir ungane og Misjonen i forteljingane som spring ut frå desse bodskapa?

Om me tar utgangspunkt i dei tre motsetningspara i mikrometaforane som eg først skisserte ovanfor, lys/mørke, opp/ned og godt/vondt, synest eg det er naturleg å gripa tak i sol- og skuggesida som eit bestemt og gjennomført bodskap i *Fra landeveien*. Livet på jorda blir delt inn i desse to sidene, der ein på skuggesida finn avvikarane, blant dei “omstreifarane”, som har hamna på sida av samfunn og kyrkje. På skuggesida blir vonde og låge eigenskapar dyrka fram, og dei kroppslege og åndelege livsvilkåra blir ikkje næra av lys

---

<sup>197</sup> Werth, “Extended metaphor”, 85, 96-97 og 101.

<sup>198</sup> Lakoff og Johnson, *Metaphors we live by*, 14-19.

<sup>199</sup> Kövecses, *Metaphor*, 50, 64 og 246.

og varme. På solsida derimot lev ein eit ordna liv i tråd med kristne verdiar, og å vera på denne sida er ein føresetnad om ungane skal utvikla sunne og kraftige liv. I samsvar med metaforen om ungane som plantar, så må det sol til om dei skal veksa og strekka seg oppover; på solsida får ungane moglegheita til nettopp dette, mens dei på skuggesida hamnar i ein stinkande sfære utan lys og varme. Gjennom arbeidet i barne- og pleieheimane og arbeidskolonien ville Misjonen flytta ungane over på solsida. Dette hang både saman med eit ynske om at ungane ikkje skulle veksa opp til å bli avvikrarar som foreldra, men bli gode og sunne borgarar, og at eit liv på solsida blei sett på som det gode livet. Misjonen såg det derfor som ei nestekjærleg plikt å gi ungane kva dei rekna som ein god barndom med dei beste føresetnadane for eit vaksenliv på solsida.

Dette er likevel berre eitt aspekt ved sol- og skuggesida, som dreier seg om ulike samfunnslag og om kva som er eit godt liv på jorda. I den forteljinga blir ungane uskyldige små som uheldigvis har blitt fødde i dårlege omgivnadar, og som Misjonen i tråd med ideal om ein praktisk kristendom var pliktige å redda. Noko av det som gjorde at arbeidet med ungane var så viktig for Misjonen og at såpass mykje stod på spel i det å flytta ungane frå den eine sida til den andre, var at sol- og skuggesida òg var skiljelinjene mellom det å vera kristen og det å bli rekna som heidning, og dermed skiljet mellom frelse og fortaping, mellom liv og død. Misjonen og lesarane av *Fra landeveien* var blant dei heldige som heldt til på solsida, og i samsvar med misjonsbefalinga var det ei plikt å sørga for at så mange menneske som mogleg, òg “omstreifarane” og ungane deira, vendte seg om og blei ein del av solsida. Spesielt ungane var det viktig å gripa tak i, både på grunn av at dei blei sett på som meir foranderlege enn dei vaksne, men òg fordi dei var spesielt tett knyta til Jesus. Omvendinga blei likevel rekna som vanskeleg, og kanskje ville ikkje alltid arbeidet til Misjonen lykkast; likevel måtte dei, i rolla som guds tenrarar, ikkje gi opp. Ein dag skulle lønna for arbeidet komma i form av den evige sommaren, då dei som var omvende endeleg skulle få klatra opp himmelstigen. Då var målet at òg ungane skulle vera blant den kvite flokken.

## Litteraturliste

- Agerup, Jens Lasse. *Redder du barnet, redder du slekten: teori og praksis i Omstreifermisjonens omsorgsarbeid for barn og voksne (1900–1960)*. Hovudfagsoppgåve i historie, Universitetet i Oslo. 1991.
- Askeland, Norunn og Magdalena W. Agdestein. *Metaforer: Hva, hvor og hvorfor?* Oslo: Universitetsforlaget, 2019.
- Bastrup, Olav Rune Ekeland og Aage Georg Sivertsen. *En landevei mot undergangen: utryddelsen av taterkulturen i Norge*. Oslo: Universitetsforlaget, 1996.
- Brandal, Nik., Cora Alexa Døving og Ingvill Thorson Plesner. “Hvor like må vi være?: Gamle minoriteter i det nye Norge”. I *Nasjonale minoriteter og urfolk i norsk politikk fra 1900 til 2016*, redigert av Nik. Brandal, Cora Alexa Døving og Ingvill Thorson Plesner, 13–27. Oslo: Cappelen Damm Akademisk, 2016.
- Brustad, Jan A. S., Lars Lien, Maria Rosvoll og Carl Emil Vogt. *Et uønsket folk: Utviklingen av en “sigøynerpolitikk” og utryddelsen av norske rom 1915–1956*. Oslo: Cappelen Damm, 2017.
- Bühler-Niederberger, Doris og Heinz Sünker. “Interests in and Responsibility for Children and Their Life-Worlds”. I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 394–407. London: Palgrave Macmillan, 2009.
- Clark, Colin. “‘Severity has often enraged but never subdued a gipsy’: The History and Making of European Romani Stereotypes”. I *The Role of the Romanies*, redigert av Nicholas Saul og Susan Tebbutt, 226–246. Liverpool: Liverpool University Press, 2004.
- Cunningham, Hugh. *Children and Childhood in Western Society Since 1500*. London: Routledge, 2005.
- Dahl, Hans Fredrik. *De store ideologienes tid*, bind 5 av *Norsk idéhistorie*, redigert av Trond Berg Eriksen og Øystein Sørensen. Oslo: Aschehoug, 2001.
- Dyrrendal, Asbjørn. *Demoner: Besettende djevler og andre ondskapsfulle vesen*. Oslo: Humanist forlag, 2006.
- Eide, Bernt og Ellen Aanesen. *Nasjonens barn*. Oslo: Conflux forlag, 2008.
- Eriksen, Trond Berg. “Spredningen østover”. I *Jødehat: Antisemittismens historie fra antikken til i dag*, redigert av Trond Berg Eriksen, Håkon Harket og Einhart Lorenz, 125–139. Oslo: Cappelen Damm, 2009.

- Foss, Øyvind. "Omstreifermisjonen – offer for rasehygiene?" *Kirke og kultur* 100 (1995): 403–416.
- Giertsen, Hedda. "Den norske kirke og de reisende" *Kirke og kultur* 103, no. 4 (1998): 305–325.
- Gillis, John. "Transitions to Modernity". I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 114–126. London: Palgrave Macmillan, 2009.
- Goatly, Andrew. *Washing the Brain: Metaphor and Hidden Ideology*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Co, 2007.
- Gotaas, Thor. "'For øvrig ikke medregnet': tellingen av tatere på 1800-tallet" I *Folketellinger gjennom 200 år*. Redigert av Kjartan Soltvedt, 71–85. Oslo: Statistisk sentralbyrå, 2004.
- Gotaas, Thor. *Taterne: Livskampen og eventyret*. Oslo: Andresen og Butenschøn, 2000.
- Haave, Per. "Sterilisering av tatere – kirurgi på 'rasemessig' grunnlag?". I *Romanifolket og det norske samfunnet*. Redigert av Bjørn Hvinden, 32–73. Bergen: Fagbokforlaget, 2000.
- Helle, Inger Marie. *Organisasjonen Norsk misjon blant hjemløse i lys av Eilert Sundt og Friedrich von Bodelschwingh. Et idéhistorisk bidrag til taterforskningen*. Hovudfagsoppgåve i idéhistorie, Universitetet i Oslo. 2004.
- Hessen, Dag O. og Tore Lie. *Gener: en forskningsreise*. Oslo: Spartacus, 2011.
- Hylen, Susan E. "The Shepherd's Risk: Thinking Metaphorically with John's Gospel." *Biblical Interpretation* 24, no. 3 (2016): 382–399.
- Karlsen, Kenneth Airlie. *Romanifolket i norsk presse 1845–1950*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo. 2022.
- Kjeldstadli, Knut. "Kan fremmede egentlig bli nordmenn?". I *I nasjonalstatens tid, 1814–1940*, bind 2 av *Norsk innvandringshistorie*. Redigert av Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli, 432–460. Oslo: Pax forlag, 2003.
- Kostenberger, Andreas J. "Jesus the Good Shepherd Who Will Also Bring Other Sheep (Joh 10:16): The Old Testament Background of a Familiar Metaphor" *Bulletin for Biblical Research* 12, no. 1 (2002): 67–96.
- Kövecses, Zoltan. *Metaphor: A Practical Introduction: Second Edition*, Oxford: Oxford University Press, 2010.
- Labovitz, Gail. *Marriage and metaphor: Constructions of Gender in Rabbinic Literature*. Lanham, MD: Lexington Books, 2009.

- Lakoff, George og Mark Johnson. *Metaphors we live by*. Chicago: University of Chicago Press, 2003.
- Larsen, Peter og Sigrid Lien. *Norsk fotohistorie: fra daguerreotypi til digitalisering*. Oslo: Samlaget, 2007.
- Lyngstad, Jacob. *Landeveiens folk i Norge: Kort oversikt over omstreifernes historie og Norsk misjon blant hjemløse 1897–1947*. Oslo: Norsk misjon blant hjemløse, 1947.
- Musolff, Andreas. “Metaphor Scenarios in Public Discourse” *Metaphor and Symbol* 21, no. 1 (2006): 23–38.
- Musolff, Andreas. “What can Critical Metaphor Analysis Add to the Understanding of Racist Ideology? Recent Studies of Hitler’s Anti-Semitic Metaphors” *Critical Approaches to Discourse Analysis across Disciplines* 2, no. 2 (2008): 1–10.
- Musolff, Andreas. “What role do metaphors play in racial prejudice? The function of antisemitic imagery in Hitler’s *Mein Kampf*” *Patterns of Prejudice* 41, no. 1 (2007): 21–43.
- Nielsen, Erik A. *Kristendommens retorik: Den kristne digtnings billedformer*. København: Gyldendal, 2009.
- Niemi, Einar. “Taterne – i forskningens og ‘sivilisasjonens’ lys”. I *I nasjonalstatens tid, 1814–1940*, bind 2 av *Norsk innvandringshistorie*. Redigert av Einar Niemi, Jan Eivind Myhre og Knut Kjeldstadli, 147–174. Oslo: Pax forlag, 2003.
- NOU 2015: 7 *Assimilering og motstand: Norsk politikk overfor taterne/romanifolket fra 1850 til i dag*. Oslo: Kommunal- og moderniseringsdepartementet.  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2015-7/id2414316/>
- Johansen, Tor Are. “Avisene blir industrielle masseprodukter”. I *Parti, presse og publikum 1880–1945*, bind 2 av *Norsk presses historie 1–4 (1660–2010)*, redigert av Rune Ottosen, 109–150. Oslo: Universitetsforlaget, 2010.
- Pettersen, Karen-Sofie. *En kvalitativ studie av tiltak rettet mot barn av tatere i perioden 1914–1986*. Hovudoppgåve i sosiologi, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet. 1997.
- Pettersen, Karen-Sofie. “For barnas skyld? Ideologi og praksis i tiltakene rettet mot taternes barn”. I *Romanifolket og det norske samfunnet*. Redigert av Bjørn Hvinden, 74–100. Bergen: Fagbokforlaget, 2000.
- Pettersen, Karen-Sofie. *Forholdet mellom Norsk misjon blant hjemløse og sentrale myndigheter på området barnevern*. Institutt for sosiologi og statsvitenskap. Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 1999.

- Pettersen, Karen-Sofie. *Tatere og misjonen: mangfold, makt og motstand*. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA), 2005.
- Rasmussen, Tarald. "Det indre og det ytre: Noen hovedtemaer fra luthersk moraltradisjon". I *Moralsk og moderne? Trekk av den kristne moraltradisjon i Norge fra 1814 til i dag*. Redigert av Svein Aage Christoffersen, 17–39. Oslo: Gyldendal, 1999.
- Roll-Hansen, Nils. "Den norske debatten om rasehygiene". *Historisk tidsskrift* 59, no. 3 (1980): 259–283.
- Rose, Gillian. *Visual Methodologies: An Introduction to the Interpretation of Visual Materials*. Thousand Oaks, CA: Sage Publications, 2001.
- Sandvik, Anne-Berit. *Kampen om barna: personer av tatersleks erfaringer fra barne- og skolehjem*. Institutt for kriminologi, Universitetet i Oslo, 1999.
- Schaanning, Espen. *Kampen om den forbryterske sjel: Kriminal-filosofiske vitenstrekk*. Oslo: Akademika forlag, 2013.
- Skorgen, Torgeir. *Rasenes oppfinnelse: Rasetenkningens historie*. Oslo: Spartacus, 2002.
- Smith, David Livingstone. *Less than Human: Why we demean, enslave, and exterminate others*. New York: St Martin's Press, 2011.
- Soleim, Marianne Neerland. "Sin egen lykkes smed": Falstad skolehjem og Ekne spesialskoler 1895–1992. Stamsund: Orkana akademisk, 2021.
- Stenhammer, Madeleine Zetterlund. "[E]t Redningsarbeide i den kristelige Kjærligheds Tjeneste.' Svanviken 1908–1986: Fra misjon til miljøarbeid?". I *Transnasjonale perspektiv på sekularitet og religion: Norske aktører, ideer, forhandlinger og praksis 1846–1986*, redigert av Inger Marie Okkenhaug og Karina Hestad Skeie, 179–209. Oslo: Universitetsforlaget, 2022.
- Walnum, Jakob. "Tatersagen" *Morgenbladet* 16.09.1893.
- Werth, Paul. "Extended metaphor – a text-world account". *Language and Literature* 2, no. 3 (1994): 79–103.
- Woodhead, Martin. "Child Development and the Development of Childhood". I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 46–61. London: Palgrave Macmillan, 2009.
- Qvortrup, Jens. "Childhood as a Structural Form". I *The Palgrave Handbook of Childhood Studies*, redigert av Jens Qvortrup, William A. Corsaro og Michael-Sebastian Honig, 21–33. London: Palgrave Macmillan, 2009.

## Artiklar frå *Fra landeveien* i kronologisk rekkefylgje\*

- Anon. "Et hedningefolk inden den norske kirke." *Fra landeveien* 1, no. 1 (Januar 1898): 1–3.
- Anon. "Hjemløs" *Fra landeveien* 1, no. 1 (Januar 1898): 3–4.
- Anon. "Tilstanden blandt omstreiferne" *Fra landeveien* 1, no. 8 (August 1898): 30–32.
- Anon. "Askviknæs barnehjem" *Fra landeveien* 2, no. 1 (Januar 1899): 2–4.
- Anon. "Prolog ved markedet i Fredrikstad for omstreiferne den 5te marts 1899" *Fra landeveien* 2, no. 3 (Mars 1899): 9–10.
- Hval, A. "Forholdsregler mod omstreiferuvæsenet og løsgjængeri. (Foredrag af fængselsprest A. Hval)." *Fra landeveien* 2, no. 4 (April 1899): 14–16.
- Anon. "Sogns barnehjem." *Fra landeveien* 3, no. 4 (April 1900): 13–14.
- Anon. "Indvielsen af Askviknæs barnehjem" *Fra landeveien* 3, no. 8 (August 1900): 29–32.
- E. W. G. "Fra Kragerø" *Fra landeveien* 3, no. 11 (November 1900): 42–44.
- Anon. "Barnehjem eller pleiehjem?" *Fra landeveien* 4, no. 3 (Mars 1901): 9–12.
- Anon. "Prolog ved aftenunderholdningen til indtægt for omstreifermisionen afholdt i Arendal marts 1901" *Fra landeveien* 4, no. 6 (Juni 1901): 21–22.
- Anon. "Pastor Hvals prædiken i Johanneskirken søndag 21de august 1901" *Fra landeveien* 4, no. 10 (Oktober 1901): 37–38.
- Anon. "Fra damekomiteerne" *Fra landeveien* 5, no. 4 (April 1902): 14–15.
- Anon. "Prolog ved aftenunderholdningen til indtægt for omstreifersagen. Stenkjær den 1ste April 1902." *Fra landeveien* 5, no. 5 (Mai 1902): 17.
- G. J. "Ved indvielsen af Lillegaardens barnehjem i Eidanger 8de juni 1902" *Fra landeveien* 5, no. 7 (Juli 1902): 25.
- Wang, L. "Kjender du disse?" *Fra landeveien* 6, no. 2 (Februar 1903): 5–6.
- H. E. "Jeg føler mig som en skyldner ligeoverfor omstreiferne." *Fra landeveien* 7, no. 4 (April 1904): 13–14.
- Anon. "Hvorledes kan jeg personlig hjelpe?" *Fra landeveien* 9, no. 3 (Mars 1906): 15.
- m —a. "Ved festen for omstreifernes børn 24-2-1906" *Fra landeveien* 9, no. 5 (Mai 1906): 22.
- Anon. "Rostad." *Fra landeveien* 9, no. 8 (August 1906): 33–34.
- H. E. "Fra arbeidet." *Fra landeveien* 10, no. 5 (Mai 1907): 34–35.
- J. J. "Solhverv." *Fra landeveien* 10, no. 12 (Desember 1907): 61–62.

\* Pagineringa i *Fra landeveien* stammar frå då nummera blei bundne saman, samla i årgangar og telt saman som ein årgang = ei eining. Derfor finn ein tekstar som strekk seg frå s. 61–62 i litteraturlista, sjølv om nummera, som fortalt innleiingsvis, vanlegvis ikkje strekte seg over meir enn fire til åtte sider.

- Bymissionæren. "Omstreiferpigen" *Fra landeveien* 11, no. 2–3 (Februar–mars 1908): 10–13.
- Lærerinden, "Julen paa barnehjemmene: Lillegaarden." *Fra landeveien* 12, no. 2 (Februar 1909): 5–6.
- Frøland, S. "Øreforeninger for vore hjemløse" *Fra landeveien* 12, no. 3–4 (Mars–april 1909): 10–12.
- Anon. "Den tvungne bosættelse." *Fra landeveien* 12, no. 5 (Mai 1909): 18–19.
- Anon. "Prolog ved aftenunderholdningen i Stenkjær til indtægt for omstreifersaken den 11te februar 1909" *Fra landeveien* 12, no. 6 (Juni 1909): 21–22.
- Anon. "Paa rundreise" *Fra landeveien* 12, no. 7–8 (Juli–august 1909): 27–31.
- S. F. "Jul paa Svanviken. Av bestyrerens dagbok." *Fra landeveien* 13, no. 1–2 (Januar–februar 1910): 1–3.
- Anon. "Er det ikke for sent?" *Fra landeveien* 13, no. 3 (Mars 1910): 10.
- S. F. "Litt fra Svanviken" *Fra landeveien* 12, no. 5–6 (Mai–juni 1910): 20–21.
- Anon. "Gud er ikke nervøs." *Fra landeveien* 12, no. 9–10 (September–oktober 1910): 33–34.
- Anon. "Hjælp os med at finde et godt nyt navn paa bladet." *Fra landeveien* 13, no. 3–4 (Mars–april 1911): 16.
- Anon. "Han aandede paa dem." *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 17–18.
- Anon. "Vaar over landet." *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 18–19.
- Anon. "Solopgang." *Fra landeveien* 13, no. 11–12 (November–desember 1911): 41–42.
- Anon. "Indvielsen av arbeiderkolonien paa Bergfløtt i Lier." *Fra landeveien* 13, no. 11–12 (November–desember 1911): 43–47.
- S. F. "Nyt folk" *Paa hjemveien* 14, no. 1–2 (Januar–februar 1912): 2–3.
- A. B. "Jul paa Lillegaarden." *Paa hjemveien* 14 (Mars–april 1912): 19–20.
- J. L. C. "Jul paa Rostad." *Paa hjemveien* 14, no. 3–4 (Mars–april 1912): 20–21.
- E. M. "De mottok barnet for Jesu skyld." *Paa hjemveien* 14, no. 9–10 (September–oktober 1912): 43–44.
- C. "For barnas skyld!" *Paa hjemveien* 14, no. 11–12 (November–desember 1912): 51–53.
- S. "Jul paa Askviknæs." *Paa hjemveien* 15, no. 3–4 (Mars–april 1913): 18–19.
- I. B. C. "Hvad der har ligget øde. (Ved en familjes optagelse)." *Paa hjemveien* 15, no. 7–8 (Juli–august 1913): 37–38.
- E. O. "Hvorledes behandler vi dem?" *Paa hjemveien* 15, no. 9–10 (September–oktober 1913): 45–47.
- I. B. C. "En ond skjæbne." *Paa hjemveien* 17 (November–desember 1915): 43–45.

## Illustrasjoner

1. *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 18.



2. *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 19.



3. *Fra landeveien* 13, no. 5–6 (Mai–juni 1911): 19.



4. *Fra landeveien* 6, no. 2 (Februar 1903): 5.

